

Bevaringsplan privatarkiv



Sogn og Fjordane



Møre og Romsdal



FYLKESARKIVET

I SOGN OG FJORDANE



ika Møre og Romsdal
Arkiv og kulturformidling

2016

Innleiing	2	Samfunnsanalyse MR	38
Definisjonar	2	Organisasjonar	43
Samanlikning fylka	3	Kommunane generelt om	44
Samanlikning arkiv	4	bestand	44
Samfunns- og bestandsanalyse		Molde	45
Sogn og Fjordane	6	Ålesund	46
Fylkesarkivet og privatarkiv	7	Kristiansund	46
Arkivinstitusjonar i SF	11	Vanylven	47
Næringsliv i SF	11	Sande	48
Kommunane		Herøy	49
Askvoll	13	Ulstein	49
Aurland	14	Hareid	50
Balestrand	14	Volda	51
Bremanger	15	Ørsta	52
Eid	16	Ørskog	52
Fjaler	16	Norddal	53
Flora	16	Stranda	53
Førde		Stordal	54
	18	Sykkylven	54
Gaular	19	Skodje	56
Gloppen	20	Sula	56
Gulen	21	Giske	57
Hornindal	21	Haram	58
Hyllestad	22	Vestnes	59
Høyanger	23	Rauma	60
Jølster	24	Neset	61
Leikanger	24	Midsund	62
Luster	25	Sandøy	63
Lærdal	26	Aukra	64
Naustdal	26	Fræna	65
Selje	27	Eide	66
Sogndal	28	Averøy	67
Solund	29	Gjemnes	67
Stryn	29	Tingvoll	68
Vik	30	Sunndal	68
Vågsøy	31	Surnadal	69
Årdal	32	Rindal	70
Møre og Romsdal		Halsa	70
Samfunns- og bestandsanalyse	33	Smøla	71
Prioritering	34	Aure	72
Finansiering	35	Vedlegg	
Arkivinstitusjonar	36	Føretaksstruktur	
Andre med arkiv	36	Arkivbestand Nordmøre	
Arkivinst. utanfor fylket	37	Museum, avd. Kristiansund	

Bevaringsplan for privatarkiv i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Innleiing

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) vart i 2015 samde om å få utarbeidd en bevaringsplan for privatarkiv i dei to fylka. Etter søknad løyvde Riksarkivaren kr. 150.000 til prosjektet.

Fylkesarkivet er nesten den einerådande arkivinstitusjon i Sogn og Fjordane, medan IKAMR berre er ein av fleire aktørar som arbeider med privatarkiv i Møre og Romsdal. Næringsstrukturen er også ulik i dei to fylka. Ein fann det difor føremålstenleg å utarbeide kvar sin plan som sidan skulle samanfattast i ein rapport. Rapporten er difor delt i to, der Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er i kvar sin del.

Innhaldet i rapporten er eit oversyn over kva for privatarkiv ein har bevart hjå IKAMR og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Metodisk vil dette oversynet bli vist i ein samfunnsanalyse og ein bestandsanalyse inndelt kommunevis. Samfunnsanalysen vil vere grunnlaget for prioritering av kva arkiv ein særleg bør ta sikte på å bevare. Bestandsanalysen vil vise kva for arkiv ein har i magasinane til IKAMR og Fylkesarkivet. Det vert også lagt ved eit oversyn over fiskerihistoriske arkiv i Ålesundsområdet, utarbeidd av Mads Langnes i 2005, samt arkivkatalog frå Nordmøre Museum, for å vise kva som finst der. Romsdalsmuseet sine arkiv er publisert på Arkivportalen.

Bevaringsplanen for Møre og Romsdal er utarbeidd av IKAMR ved Dan André Fiskum Velle som har tatt føre seg bestandsanalysen og Gunnar Olav Morsund som har utarbeidd samfunnsanalysen. Per Olav Bøyum ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har utarbeidd planen for Sogn og Fjordane.

Definisjonar

Privatarkiv er arkiv som er skapt i privat sektor. Medan arkiv skapt av statlege og kyrkjelege instansar skal etter lov bevarast av Arkivverket ved Riksarkivet og Statsarkiva, og arkiv skapt av kommunar og fylkeskommunar skal bevarast av institusjonar som IKAMR i samsvar med lov, er det ingen spesifikke lovreglar for privatarkiv med unntak av Arkivlova kapittel III.

Private arkiv omfattar:

- Bedriftsarkiv (næringsarkiv)
- Organisasjons- eller foreningsarkiv
- Institusjonsarkiv
- Personarkiv (arkiv etter einskildpersonar)
- Gardsarkiv og –samlingar

Arkivskapar er den personen eller instansen som har laga innhaldet i arkivet. Det kan vere ei foreining, eit lag, eller ei bedrift.

Arkivinstitusjon er ein instans som har som oppgåve å bevare arkiv og gjere dei tilgjengelege. Det kan også omfatte ein instans som gjer dette i tillegg til si primær oppgåve som t.d. eit museum.

Avgrensing

Bevaringsplanen omfattar arkiv skapt i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, unntaksvis skapt andre stader men med sterk tilknytning til verksemd i fylket.

Bevaringsplanen omfattar ikkje foto, film eller lydbandopptak.

Samanlikning fylka


Nabofylka Sogn og Fjordane (SF) og Møre og Romsdal (MR) utgjer området som vert kalla Nordvestlandet. Grensa følgjer om lag 62 breiddegraden der Stad ytst i nordvest av SF er eit markant geografisk punkt. SF grensar mot Nordsjøen i vest medan MR grensar mot Norskehavet.

Kulturelt tilhøyrer Sogn og Fjordane Vestlandet, og er eit kjerneområde for nynorsk – 97,8 % av elevane i grunnskulen har nynorsk som opplæringsmål i 2016 og alle kommunane har nynorsk som administrasjonsspråk. Møre og Romsdal er meir eit overgangsfylke delt etter dei gamle fogderigrensene. Sunnmøre tilhøyrer Vestlandet, Romsdal har større tilknytning til Austlandet og Nordmøre er trøndersk. 50,2 % av elevane i grunnskulen har nynorsk som opplæringsmål og av dei 36 kommunane har 23 nynorsk, 2 bokmål og 11 er nøytrale i administrasjonsspråk. Sogn og Fjordane saman med Sunnmøre har vore kjerneområde for motkulturrørsler som målsak, fråhaldssak og lekmannsrørslene. Arbeidarrørsla har stått sterkest på dei tradisjonelle industristadane samt Nordmøre.

Sogn og Fjordane er nesten 25 prosent større enn Møre og Romsdal (18 619 km² mot 15 100 km²). Men har berre vel 40 % av folketalet (109 530 mot 265 290). Gjennomsnittleg innbyggjartal i dei 26 kommunane i SF er 4 213 mot 7 369 i dei 36 kommunane i MR. Urbaniseringa er langt høgare i MR der det er tre byar med over 15.000 innbyggjarar (Ålesund, Molde og Kristiansund) og seks kommunar i alt med bystatus medan det er ingen byar over 15.000 innbyggjarar og tre stader med bystatus (Florø, Måløy og Førde). I SF bur om lag 61 % av folket i tettstader medan 71 % gjer det i MR. Møre og Romsdal er såleis meir urbanisert og tettare befolka enn Sogn og Fjordane.

Begge fylka har mange fjordar og øyar, det medfører at dei er store fergefylke med høvesvis 11 (SF) og 24 (MR) fergestrekningar med nesten ni millionar bilar frakta til saman per år. Samferdsel har alltid vore ei utfordring i desse to fylka, særleg i høve til vegtrafikk. Begge fylka har fire flyplassar med regulære ruter, men MR har over fem gongar så mange flypassasjerar på sine flyplassar enn SF. Vigra ved Ålesund er den desidert største i regionen med om lag 40 % av trafikken for alle dei åtte flyplassane samla.

Næringsstrukturen i dei to fylka skil seg mest frå kvar andre ved at ein større del av dei sysselsette arbeider i primærnæringane i Sogn og Fjordane mot ein litt større del i sekundærnæringar i Møre og Romsdal.



9,2 % av dei sysselsette i Sogn og Fjordane er tilsett i staten mot 8,2 % i Møre og Romsdal. Andre offentleg tilsette (hovudsakleg kommune og fylke) utgjer 27,4 % av dei sysselsette i Sogn og Fjordane og 23,6 % i Møre og Romsdal. Privat sektor har større betydning i Møre og Romsdal enn Sogn og Fjordane.

Private føretak utanom primær	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal
1-4 tilsette	1 892	4 125
5-9 tilsette	586	1 396
10-19 tilsette	340	827
20-49 tilsette	179	468
50-99 tilsette	36	115
100 tilsette og over	29	76

Det er relativt fleire mellomstore og store bedrifter i Møre og Romsdal enn Sogn og Fjordane. Det er mange hjørnesteinsbedrifter i SF, men endå fleire i MR. Dette er føresetnaden for eksistensen til heile lokalsamfunn.

Samanlikning arkiv

I Sogn og Fjordane er Fylkesarkivet den nesten einerådande depotinstitusjonen på privatarkiv. I tillegg kjem Statsarkivet i Bergen og dei institusjonane som har nasjonalt ansvar på spesielle sektorar. I Møre og Romsdal er Interkommunalt arkiv (IKAMR) det fylkeskoordinerande ledd, medan det er fleire viktige aktørar her: Regionmusea (Sunnmøre Museum, Romsdalsmuseet og Nordmøre Museum der alle har tilknytte eksterne depot), Nynorsk kultursenter i Ørsta, Jugendstilsenteret i Ålesund, Stasarkivet i Trondheim og både private og organisasjonseigde samlingar. Til dømes har fleire bedrifter tatt godt vare på sine arkiv.

I følgje Arkivverket sin analysemodell for publiserte data i Arkivportalen er det 1736 treff på privatarkiv i Sogn og Fjordane, alle i Fylkesarkivet som i følgje Arkivverket sin statistikk for arkivinstitusjonar 2015 hadde 1.350 hyllemeter privatarkiv. Frå Møre og Romsdal er det berre 21 treff, ingen frå IKAMR sjølv om institusjonen har om lag 400 hyllemeter privatarkiv - det er registrert 317 privatarkiv i ACOS som i samband med arbeidet med planen er lagt ut på Arkivportalen. I tillegg er 100 arkiv som Sunnmøre Museum har i Borgundgavlen. Nordmøre Museum si avdeling i Kristiansund har 621 ulike arkiv, ingen av dei er registrert i Arkivportalen. Viser til vedlegg til planen, Romsdalsmuseet, Statsarkivet i Trondheim og Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har flest. Det er eit stort arbeid å få registrert arkiv og få dei publisert på Arkivportalen. Ein må i begge fylka arbeide for å få eit representativt utval av arkiv sikra, ordna, registrert og publisert. Det er til dømes berre registrert 19 arkiv med tilknytning til idrett, noko som ikkje er representativt for den betydninga idrettsrørsla har.

I Sogn og Fjordane bør posisjonen til Fylkesarkivet halde fram medan den koordinerande funksjonen til IKAMR må styrkast i Møre og Romsdal. Der bør eit samarbeid mellom IKAMR og særleg regionmusea utviklast vidare.

**Samfunnsanalyse og bestandsanalyse
Privatarkiv**



Sogn og Fjordane

**Per Olav Bøyum
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane
2016**



Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane sitt arbeid med privatarkiv


Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane er ein fylkeskommunal institusjon oppretta i 1983. Vi vernar og formidlar kommunalt arkivmateriale, foto, levande bilete, lyd, musikk, stadnamn, privatarkiv og litteratur.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 1991 finansiert ein heil fast stilling knytt til arbeid med innsamling, ordning og formidling av privatarkiv.

Privatarkivvernet har vore drive som ei blanding av passivt mottak og meir systematisk innsamling. Av dei målretta tiltaka kan nemnast bankprosjektet, som resulterte i at 120 hyllemeter arkiv, fordelt på 26 bankeiningar, vart ordna og tekne vare på. Det var eit samarbeid mellom fylkesarkivet og Sparebanken Sogn og Fjordane. Over same lest skjedde vernet av Gjensidige branntrygdelags-arkiv.

Etter ein samarbeidsavtale frå 1989 mellom fylkesarkivet, Arbark og arbeidarrørsla i Sogn og Fjordane, kjem det inn kontingentbidrag til vern av arbeidararkiv. Over tid har den jamne jobbinga med arbeidararkiv bore rike frukter. 310 slike arkiv har blitt verna.


Fylkesarkivet oppbevarer 1714 privatarkiv, som alle har blitt eksportert til Arkivportalen (arkiv frå inneverande år er ikkje med). Kommunevis fordeler dei seg slik:



Leikanger tronar øvst med 140 privatarkiv. I andre enden ligg Solund, der det har blitt samla inn 11. Ytterpunkta kan bli forklart ved at Leikanger er vertskommune for fylkesarkivet, og at Solund har det minste folketalet i fylket.


I oversikta er det òg teke med regionale arkiv, som dekkjer meir enn ein kommune. Slike finst det 276 av. Dei fleste er anten fylkesvise, eller har Nordfjord, Sunnfjord og Sogn som geografisk nedslagsfelt.

Fordelt på aktørtype, fordeler arkiva seg slik:



Det kjem klart fram at det har blitt samla inn flest arkiv frå lag og organisasjonar, bortimot 1000 til saman. På neste plass kjem aktørtypen person/familie, med 364 oppretta arkiv. Vidare har det blitt samla inn 336 arkiv frå bedrifter.


Når det gjeld tidsperiode, fordeler arkiva seg slik:



For svært mange arkiv (29%) har det ikkje blitt lagt inn ytterår. Av arkiva med registrerte årstal er flest frå periodane 1901-1950 og 1951-2000 (Begge periodane 28%). Fleirtalet av privatarkiva vi har samla inn er såleis skapte dei siste 100 åra. 9% har innhald frå perioden 1851-1900.


I mengde utgjer det private tilfanget om lag 1400 hyllemeter. Bortimot 25% av arkiva er uordna. 7900 filer med skanna kjeldekopiar frå privatarkiv har blitt publisert på internett. Av anna tilgjengeleggjering bør databasen Amerikabrev bli trekt fram. 3000 brev, dei fleste frå USA, har blitt lagt inn med opplysingar om avsendar, mottakar og stikkord om innhald.

Fylkesarkivet har opp gjennom åra også registrert mange eksterne privatarkiv. Dei fleste av desse er samla inn og forvalta av kommunar. I nokre av dei finst det egne lokalhistoriske samlingar. Kommunevis fordeler dei seg slik:



Diagrammet viser eit stort spenn, frå Jølster med over 120 eksterne privatarkiv, til Flora, Gulen, Høyanger og Naustdal, der det ikkje er registrert nokon. Det bør bli understreka at datagrunnlaget er henta ut frå Asta. Det er tvillaust slik at ein heil del privatarkiv ikkje har blitt fanga opp.

Slår ein saman dei deponerte/avleverte privatarkiva og dei eksterne, så blir dette mønsteret:



Sogndal kjem best ut med 204 registrerte privatarkiv. I den andre enden ligg Solund med 28. Ein nærare analyse av kvar kommune kjem i ein eigen bolk.

Arkivinstitusjonar i Sogn og Fjordane

Arbeidet med privatarkiv er i Sogn og Fjordane dominert av ein stor institusjon. I følgje arkivstatistikk for 2013 er over 80% av privatarkiva er oppbevarte i fylkesarkivet. Talet er bygd på innrapporterte hyllemeter, og er truleg litt for høgt, men det skiplar likevel ikkje hovudinstrykket av at det er ein institusjon som sit på hovudmengda av privatarkiv i fylket.

Til skilnad frå mange andre fylke, har musea i Sogn og Fjordane teke vare på få privatarkiv (om lag 7%). Då fylkeskommunen oppretta privatarkivstillinga i 1991, overtok i realiteten fylkesarkivet ansvaret for arkiva som hadde blitt samla inn på musea. Mange av dei har etter kvart blitt levert inn til fylkesarkivet, men nokre står att i musea, mellom anna grunna avtalar med deponentane.

Som nemnt ovanfor oppbevarer fleire kommunar privatarkiv. Det gjeld særskilt Jølster, Sogndal, Fjaler og Vik. Hovudinstrykket er likevel at kommunane samla sett ikkje sit på svært mange privatarkiv. Men biletet er noko uklart, ettersom det før utarbeidinga av denne bevaringsplanen ikkje var tid til å kartleggje stoda i alle kommunane.

Ein mindre del av privatarkiva vi har registrert er tekne hand om av historielag og andre private aktørar. Det gjeld til dømes Årdal Sogelag, som har over 20 arkiv i si varveitsle.

Alt i alt er det liten tvil om at utan den fylkeskommunale innsatsen, ville det ha blitt tatt vare på privatarkiv frå Sogn og Fjordane.

Næringar i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane har eit folketal på 109 000, det nest minste i landet. I areal er det derimot landets 8. største fylke. Sogn og Fjordane har tradisjonelt blitt inndelt i distrikta Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Til saman har fylket 26 kommunar.

Sogn og Fjordane er kjent som fjordfylket. Naturen er variert, med fjell og isbrear i indre strok. Kystområda er overstrødd med øyar, holmar og skjær, men utan å ha store og opne kulturlandskap. Naturtilhøva har sett sitt preg på Sogn og Fjordane. Delvis grunna den «topografiske fangenskapen», har det ikkje vakse fram storbyar i fylket. Dette har fått fleire konsekvensar.

I folketalsutvikling har Sogn og Fjordane stagnert i høve til resten av landet. Talet på sysselsette har stort sett vore stabil sidan krigen, noko som står i sterk kontrast til den store auken i arbeidsplassar i grannefylka.

Sogn og Fjordane skil seg såleis ut frå hovudtrends i resten av landet, og det viser òg att i næringslivet. Dei tradisjonelle yrka, som frå gammalt av skaffa folk inntekt og levebrød, er framleis viktige. Målt i tal sysselsette, er det ingen andre fylke i landet der primærnæringane står sterkare. I landbrukssamanheng har Sogn og Fjordane eit særkjenne med ein stor produksjon av frukt og bær. På kysten har fisket alltid vore av stort verdi. Den smålåtne urbaniseringa fylket trass alt har hatt, har gjerne vore tufta på rikdomen frå havet (Florø og Måløy).

Industrialiseringa kom seint til Sogn og Fjordane. Etter kvart vaks det fram ein heil del småindustri, til dømes i Stryn og rundt Dalsfjorden. Store vasskraftressursar danna dessutan grunnlag for etableringa av industristadane Årdal og Høyanger. I våre dagar ligg sysselsettingsdelen i industrien over snittet for landet som heilskap. Metallindustrien er svært viktig, men i tal sysselsette er det flest arbeidsplassar innan næringsmiddelindustrien. Fylket har hatt, og har framleis, ei rekkje verksemder som vidareforedlar lokalt råstoff frå fisk, dyr, frukt og bær.

Turismen vert ofte framheva som ei viktig næring i Sogn og Fjordane. At Norsk Reiselivsmuseum vart lagt til Balestrand er uttrykk for den lange historia åt reiselivet i fylket.

Sogn og Fjordane er den nest største produsenten av vasskraft i landet. Fylket ligg derimot under landssnittet i arbeidsplassar innan bank og finans, varehandel og privat tenesteyting.

Sogn og Fjordane kan med ein viss rett bli kalla «annleis-fylket». I folketalsutvikling, busettingsmønster og næringsaktivitet har det tråkka sine egne stigar, litt utanfor vegen landet elles har gått. Det har likevel drag som liknar resten av Vestlandet. Som nabofylka har Sogn og Fjordane ein stor eksport av varer. Den relativt sett mindre rolla næringane bank, finans og privat tenesteyting spelar, er òg del av eit større regionalt mønster.



Askvoll kommune

Folketal 2016: 3 023

Samfunnsanalyse

Kystkommune i Sunnfjord med jordbruk og fiske som historisk sett viktigaste næringar. I tillegg variert industri- og næringsverksemdar, men med nedlagt aktivitet i mange av bransjane. Periodevis gruvedrift ved Grimelid i tidsrommet 1759-1920. Nordens første aluminiumsfabrikk starta opp i Stongfjorden i 1908, og var i drift til 1945. Kommunen har hatt fleire hermetikkverksemdar. Den største vart nedlagt i 1992. Eit yrande industrimiljø i Holmedal, med mellom anna teglverksproduksjon i Vårdal og Helle i perioden 1895-1971. I våre dagar er 14% av sysselsette i industrien. Sjømatnæringane er viktige. Kommunen har fleire bedrifter innan fiskeoppdrett.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 258 foreiningar frå Askvoll.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 38 privatarkiv frå Askvoll. 12 av dei er bedriftsarkiv, noko som utgjer omlag 30% av den totale bestanden. Mellom anna finst det arkiv frå Vårdal Teglverk og Stangfjordens Elektrokemiske Fabriker, A/S. 20 arkiv frå lag og organisasjonar. Av desse er halvparten arbeidararkiv. I tillegg finst det 5 personarkiv og eitt arkiv frå ein institusjon.

Det er berre registrert eitt eksternt arkiv frå Askvoll.

Konklusjon

Totalt er det registrert 39 privatarkiv frå Askvoll. Det er særst få. Med 30% bedriftsarkiv kan det sjå ut til at næringslivshistoria i Askvoll er bra dekkja, men ettersom den totale mengda privatarkiv er så liten, må konklusjonen bli at både organisasjons- og næringslivet i kommunen er mangelfullt dokumentert. Særleg gjeld det næringslivsaktiviteten i Holmedal. Arbeidarrørsla og fråhaldslaga er bra dekkja.



Kniven Nying, produsert av Helle knivfabrikk i Holmedal, Askvoll. Kniven har vorte produsert i godt over ein million eksemplar. Foto: Helle knivfabrikk



Aurland kommune

Folketal 2016: 1764

Samfunnsanalyse

Kommune i Sogn med eit tydeleg tyngdepunkt innan jordbruk og næringsverksemd knytt til landbruk. Aurland har dessutan store kraftressursar. I tillegg er turisme ei viktig næringsgrein, med Flåm som den store besøksmagneten. Utover dette finst det ymse verksemdar, med Aurlandskoen som den viktigaste merkevara.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 38 foreiningar frå Aurland.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 26 privatarkiv frå Aurland. I tillegg er det registrert 25 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 31 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 9 bedriftsarkiv, og 10 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 51 privatarkiv frå Aurland. I fylkessamanheng er det få. Berre eitt arkiv er frå hovudnæringane kraftverk og turisme.



Balestrand kommune

Folketal 2016: 1294

Samfunnsanalyse

Kommune i Sogn med landbruk og turisme som historisk sett viktigaste næringar. Balestrand er kjend som ein reiselivskommune. Dei mange besøkande har gjeve grunnlag for stor ei servicenæring knytt til turisme. Balestrand er ein av dei fremste fruktkommunane i Sogn. I tillegg finst det litt industri, særleg i Nessane.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 151 foreiningar frå Balestrand.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 77 privatarkiv frå Balestrand. 14 av dei er bedriftsarkiv. 35 av privatarkiva er frå lag og organisasjonar. Det finst òg mange arkiv frå einskildpersonar, 22 i talet. Det er registrert åtte eksterne arkiv frå Balestrand.

Konklusjon

Totalt er det registrert 85 privatarkiv frå Balestrand. Med tanke på det låge folketalet kunne ein då gjerne slutta at den samla samfunnsdokumentasjonen frå Balestrand er god, men det stemmer ikkje heilt. Den viktige turistnæringa syner svært lite att i arkiva. Av alle verksemder innan overnatting og kafédrift er det berre registrert to privatarkiv.



Bremanger kommune

Folketal 2016: 3846

Samfunnsanalyse

Kommune i Nordfjord med betydeleg industri og kraftproduksjon. Jordbruk har vore viktig innover langs fjorden. På kysten er fiske og fiskeforedling ei viktig næring. Elkem Bremanger og Pelagia er hjørnesteinsbedrifter innan høvesvis industri og fiske.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 322 foreiningar frå Bremanger.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 57 privatarkiv frå Bremanger. I tillegg er det registrert 22 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 54 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 8 bedriftsarkiv, og 14 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 79 privatarkiv frå Bremanger. I fylkessamanheng stiller kommunen seg midt på treet med tanke på tal arkiv som er tekne vare på frå det private. Men fordelinga med omsyn til aktørtype er temmeleg skeiv. Dokumentasjonen frå organisasjonslivet syner godt att. Det er derimot blitt verna få bedriftsarkiv.



Eid kommune

Folketal 2016: 6015

Samfunnsanalyse

Kommune i Nordfjord med gode tilhøve for jordbruk. Variert industri, med hovudvekt på næringsmiddel og foredling av trevyrke.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 279 foreiningar frå Eid.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 51 privatarkiv frå Eid. I tillegg er det registrert 15 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 31 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 15 bedriftsarkiv, og 16 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 66 privatarkiv frå Eid. I fylkessamanheng ligg kommunen litt under snittet med tanke på tal arkiv som er tekne vare på frå det private. Andelen bedriftsarkiv er høg, over 30%, men gjev ikkje fullgod dokumentasjon av næringslivet i Eid. Det har blitt verna ein del meieriarkiv, men elles ingen kjelder frå næringsmiddelindustrien.



Fjaler kommune

Folketal 2016: 2830

Samfunnsanalyse

Ved sida av primærnæringsane har Fjaler hatt stor og variert næringsaktivitet. Områda rundt Dalsfjorden var for godt og vel 100 år sidan det mest dynamiske industriområdet i Sogn og Fjordane. Mykje av det, som teglverksproduksjonen, låg på nordsida av fjorden, og er no under Askvoll kommune. Men også i Dale var det ein heil del gründerverksemd. AS Jarl Skofabrikk vaks til å bli ei hjørnesteinsverksemd. Elles hadde Dale tønnefabrikk, sildesalting anna næringsaktivitet. På Gjølanger heldt den framtøkne Erik Grant Lea til, med sagbruk og mølle. Fire brør Åsnes greidde, nesten litt naturstridig, å drive fram ein skifabrikk og ei merkevare på Straumsnes. I våre dagar er

fiskeoppdrett ei viktig næring. I tillegg har Fjaler ein del arbeidsplassar knytt til kompetansebaserte verksemdar.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 300 foreiningar frå Fjaler.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 35 privatarkiv frå Fjaler. I tillegg er det registrert 53 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 51 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 21 bedriftsarkiv, og 10 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 88 privatarkiv frå Fjaler. I fylkessamanheng ligg kommunen om lag på snittet med tanke på tal arkiv som er tekne vare på frå det private. Dokumentasjonen frå det rike næringslivet i Fjaler kunne nok ha vore betre. Det same er tilfellet for dei private skuleinstitusjonane.



Flora kommune

Folketal 2016: 11 923

Samfunnsanalyse

Typisk kystkommune, som i 1964 vart slått saman av kommunane Bru, Florø, Kinn og Eikefjord.

Fiske og maritime næringar svært viktige. Florø vart i 1860 grunnlagt på det rike sildefisket. Seinare kom det til fiskeforedlingsbedrifter, og fram mot vår tid har oppdrettsnæringa slått rot i kommunen. Mange arbeidsplassar innan skipsverft og olje. Alt i alt 20% sysselsette i industrien. Florø har som småbyar flest hatt eit variert forretningsliv. Ytre Fjordane Kraftlag og Fjord 1 har hatt hovudkontor i byen.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 313 foreiningar frå Flora.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 38 privatarkiv frå Flora. Den aller største aktørtypen er organisasjonar, med 24 arkiv. Innan kategorien person/familie er det registrert 8. Deretter følgjer bedrifter med 5 arkiv.

Det er ikkje registrert eksterne arkiv frå Flora i Asta.

Konklusjon

I sum er det bevart svært få privatarkiv frå Flora kommune. Av dei som er tekne vare på er dessutan berre 13% frå bedrifter, noko som er lågare enn snittet for fylket (19%). Med tanke på den store

aktiviteten innan fiskeforedling, skiftsverft og oljenæring vert underdekninga av bedriftsarkiv enno meir iaugefallande.



Førde kommune

Folketal 2016: 12900

Samfunnsanalyse

Kommune i Sunnfjord der jordbruk og tilstøytande næringar som ullvare, meieri og slakteri har vore viktige. Etter krigen har det kome skipsverft, og produksjon innan betong, trevare m.m. I våre dagar er servicenæringa stor.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 90 foreiningar frå Førde.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 80 privatarkiv frå Førde. Hovudsakleg er det teke vare på materiale frå organisasjonar, som det er registrert 49 av. Arbeidararkiva syner godt att i Førde, med over 30 arkiv totalt. 15 av arkiva er frå bedrifter, Halvparten av dei er meieriarkiv. I tillegg er det registrert 16 arkiv frå aktørtyten person/familie. Frå Førde har det berre blitt fanga opp tre eksterne privatarkiv.

Konklusjon

Totalt er det registrert 83 privatarkiv frå Førde. Næringslivshistoria etter krigen er nesten ikkje dokumentert. Frå organisasjonslivet dominerer arbeidararkiva stort. Kor vidt lagskulturen elles har blitt godt dokumentert er litt vanskeleg fastslå sikkert, ettersom organisasjonskartlegginga frå Førde openbert må ha manglar.



Førde



Gaular kommune

Folketal 2016: 2942

Samfunnsanalyse

Kommune i Sunnfjord med jordbruk som hovudnæring. Gaular har i tillegg hatt ein del trevareindustri. Bøkring var tidlegare ei viktig attåtning på veldig mange gardar i Bygstad og Sande. I tillegg fanst det tønnefabrikkar. Kommunen har òg hatt ei mengde sagbruk. Av større verksemder kan nemnast Njøsens margarinfabrikk. Etter krigen kom det til skipsverft, og produksjon innan betong, trevare m.m. I våre dagar er servicenæringa stor.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 413 foreiningar frå Gaular.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 63 privatarkiv frå Gaular. Det er flest organisasjonsarkiv – 31 i alt. Kommunen skil seg ut ved at ein tredel av arkiva (21) er frå bedrifter. Halvparten av dei igjen er meieriarkiv. I tillegg er det registrert 10 arkiv frå aktørtypen person/familie. Frå Gaular har det berre blitt fanga opp fem eksterne privatarkiv.

Konklusjon

Totalt er det registrert 68 privatarkiv frå Gaular. Det er teke vare på etter måten mange bedriftsarkiv, men frå trevareindustrien vantar det heilt dokumentasjon. Frå organisasjonslivet er det teke vare på eit mangfald av arkiv. Dokumentasjonen frå denne aktørtypen er likevel ikkje svært stor, med tanke på den livlege lagsaktiviteten i Gaular. Frå den viktige misjonsrørsla er det berre blitt samla inn eitt arkiv. I Gaular har det opp gjennom tidene eksistert over 100 misjonsorganisasjonar.



Nedlagt sagbruk i Gaular. Foto Ottar Starheim NRK



Gloppen kommune

Folketal 2016: 5784

Samfunnsanalyse

Kommune i Nordfjord der landbruket tradisjonelt har stått sterkt, og framleis sysselset mange, både innanfor husdyrhold og frukt- og bær dyrking. Industriaktivitet har i hovudsak vore drive i Hyen og på Sandane. På Sørstranda og i Hyen har båtbygging vore ei viktig næring. Gloppen har hatt fleire tønnefabrikkar og andre verksemder innan trevarebransjen. Kommunen er ein stor kraftprodusent, og SFE har hovudkontor på Sandane.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 351 foreiningar frå Gloppen.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 83 privatarkiv frå Gloppen. I tillegg er det registrert 28 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 48 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 32 bedriftsarkiv, og 29 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Målt i tal arkiv kjem Gloppen bra ut, samanlikna med andre kommunar i Sogn og Fjordane. I alt er det registrert 111 privatarkiv frå Gloppen, men næringslivet er i liten grad dokumentert. Landbruket syner godt att, både mellom bedrifts- og organisasjonsarkiva, men mange av dei er fragmentariske. Av dei over 100 misjonslaga som opp gjennom åra har eksistert i Gloppen, er det ikkje registrert eitt einaste, korkje i fylkesarkivet sine samlingar eller med ekstern oppbevaring.



[MS «Fjordprins»](#) til ombygging hos Brødrene Aa

2010

Foto: Chell Hill



Gulen kommune

Folketal 2016: 2370

Samfunnsanalyse

Kommune i Sogn med jordbruk og fiske som tradisjonelt viktige næringer, ofte i kombinasjon. Den viktige rolla åt fiskerinæringa kjem i våre dagar til uttrykk gjennom kystfiske, oppdrett og fiskeforedling. Gulen hadde tidlegare ein del næringsaktivitet innan båtbygging, mekanisk verkstad, skoframstilling med meir. Tyngdepunktet i industrien ligg no i Sløvåg, med verksemder knytt til avfallshandtering.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 53 foreiningar frå Gulen. Det er tvillaust ei underregistrering.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 57 privatarkiv frå Gulen. 31 av dei er frå organisasjonar, 15 frå bedrifter og 10 frå aktørtypen person/familie. Det er ikkje registrert eksterne arkiv frå Gulen.

Konklusjon

Både organisasjons- og bedriftsarkiva syner eit tyngdepunkt mot landbruk. Halvparten av alle bedriftsarkiv er frå meieribransjen.



Hornindal kommune

Folketal 2016: 1200

Samfunnsanalyse

Hornindal var eigen kommune frå 1867 til 1965. Deretter delt mellom Eid og Stryn. Frå 1977 vart området lagt til Stryn skilt ut som eigen kommune. Hornindal er ein av to kommunar i Sogn og Fjordane utan grense til sjøen.

Jordbruket har tradisjonelt stått sterkt. Smed- og snikkararbeid viktige attåttnæringer. Turisme har òg vore av verdi. I dag er det trevare- og møbelindustri som dominerer næringsbiletet.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 158 foreiningar frå Hornindal.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 34 privatarkiv frå Hornindal. I tillegg er det registrert 21 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 29 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 9 bedriftsarkiv, og 15 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 55 privatarkiv frå Hornindal. Jordbrukspreget kommunen har hatt kjem fram i fleire arkiv, men næringslivet etter krigen er i liten grad dokumentert.



Hyllestad kommune

Folketal 2016: 1395

Samfunnsanalyse

I jordbruket har tilhøva lege best til rette for husdyrhold, men talet på sysselsette i denne delen av primærnæringane har sidan 2008 blitt halvert, frå 50 til 23. For dei ytre delane av kommunen har fiske vore ei viktig inntektskjelde. Fiske og akvakultur sysselset i dag fleire enn jordbruk. Frå om lag 1900 vaks det fram ymse næringsverksemdar i Hyllestad, særleg knytt til trevare. I Salbu heldt den driftige gründeren Andreas Gjertsen til, med ullvarefabrikk, tønneproduksjon, sagbruk og såpefabrikk. Hyllestad har hatt fleire båtbyggjarar. I 1938 starta Løland Verft bygging av båtar. Verksemda, no under namnet Havyard Ship Technology, er ein hjørnesteinsaktør i kommunen. Hyllestad har elles bedrifter innan plastproduksjon og IT. 30% av arbeidsstyrken er i 2015 sysselsett i industrien, det nest høgaste talet i Sogn og Fjordane.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 187 foreiningar frå Hyllestad.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer privatarkiv 27 frå Hyllestad. 16 av dei er frå organisasjonar, 6 frå bedrifter og 5 frå aktørtypen person/familie. Det er i tillegg registrert 39 eksterne privatarkiv frå Hyllestad. 29 av dei er organisasjonsarkiv, 5 med bedrift som aktørtype og 5 frå person/familie.

Konklusjon

I alt er det registrert 66 privatarkiv frå Hyllestad. 11 av dei er frå bedrifter, med hovudvekt på bank og forsikring. Særs lite dokumentasjon frå næringslivet i Hyllestad er samla inn. For organisasjonslivet er stoda noko betre. Det er teke vare på eit mangfald av organisasjonsarkiv, men som for mange andre kommunar er nok misjonsrørsla underrepresentert



Høyanger kommune

Folketal 2016: 4161

Samfunnsanalyse

Høyanger har i 100 år hatt industri som hovudnæring. Vadheim Electrokemiske Fabrikker starta produksjon av natrium i 1907. I 1915 tok industrieventyret i Høyanger til. Hydro Aluminium er i dag hjørnesteinsverksemda i kommunen. Høyanger har dessutan hatt mange arbeidsplassar knytt til vidareforedling av aluminium. Jordbruk har gått frå å vere den heilt dominerande næringsvegen før industrialiseringa byrja, til å berre å sysselsetje 2% av alle arbeidstakarar i 2015. Oppdrettsnæringa sysselset like om lag like mange.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 309 foreiningar frå Høyanger.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 87 privatarkiv frå Høyanger. 58 av dei er frå organisasjonar. Arbeidarrørsla syner godt att i organisasjonsfloraen, med 39 registrerte arkiv. 14 arkiv er frå bedrifter. Av dei igjen er halvparten frå bank og forsikring. 13 arkiv er frå aktørtype person/familie og samling. Fylkesarkivet har ikkje registrert eksterne privatarkiv frå Høyanger.

Konklusjon

Høyanger ligg om lag på snittet for fylket i tal arkiv frå privat sektor. Industrihistoria er bra dokumentert gjennom arbeidararkiva. Ut frå bedriftsarkiva vi oppbevarer, er det derimot lite som indikerer at Høyanger har vore sterkt prega av kraftkrevjande næringar. Det skuldast for ein stor del at Hydro tek vare på eigne arkiv. Arkivet frå felgfabrikken Fundo er oppbevart i fabrikklokalet på Hjetland. Det er i røynda eit herrelaust arkiv, og bør bli vurdert verna.



Høyanger med Hydro Aluminium i framgrunnen. Foto: Norsk Hydro ASA



Jølster kommune

Folketal 2016: 3020

Samfunnsanalyse

Jordbruk er framleis ei hovudnæring i Jølster, og står for om lag 10% av all sysselsetjing i kommunen. Men talet på bønder har minka sterkt siste tiåra. Bygg- og anleggsverksemd er no det næringsområdet som sysselset flest utanom offentleg tenesteyting. Jølster har aldri hatt store fabrikkar og omfattande industrireising, men heimeyrke og handverkproduksjon gav tidligare gode inntekter.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 293 foreiningar frå Jølster.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 22 privatarkiv frå Jølster. Det er svært lite, men kommunen har sjølv betydelege mengder arkiv i si varveitsle. Til saman er det registrert 122 eksterne privatarkiv frå Jølster. 21 av dei er frå bedrifter. Nøkkelnæringa jordbruk kjem til syne ved at heile 10 meieriarkiv er tekne vare på. Det i tillegg registrert over 80 organisasjonsarkiv frå Jølster.

Konklusjon

Jølster ligg på tredje plass i oversynet over kommunar i Sogn og Fjordane med flest privatarkiv. Både næringsliv og organisasjonar synes å vere godt dekkja.



Leikanger kommune

Folketal 2016: 2298

Samfunnsanalyse

Leikanger er kjent som ei fruktbygd. Kommunen har også hatt ein heil del industriverksemd. Mest kjent er Halvard Drægne - Sogns Frugtkonservering A/S. I tillegg har det på Hermansverk vore sardinfabrikk, trevareindustri, ullvarefabrikk og skipsbyggjeri/slip. Det meste av denne industrien er no nedlagt/flytta, men noko privat næringsliv finst framleis, innan bygg- og anlegg, grafisk industri og teknisk tenesteyting. Leikanger er administrasjonssenter i Sogn og Fjordane. Det viser godt att i sysselsetjingsstrukturen. Over 50% av alle arbeidstakarar er tilsette i kategorien *offentleg administrasjon, forsvar*, mot om lag 5% for fylket som snitt.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 70 foreiningar frå Leikanger.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 142 privatarkiv frå Leikanger. 21 av dei er bedriftsarkiv, noko som i tal ikkje er særskilt mykje. Men to av dei store bedriftene (Sygna Ullvarefabrikk A/S og Halvard Drægni - Sogns Frugtkonservering A/S) er godt dokumentert. Det er vidare samla inn arkiv frå 66 organisasjonar. Leikanger har dessutan mange arkiv frå aktørtypen person/familie, 45 i alt.

Konklusjon

Leikanger ligg på tredje plass i oversynet over kommunar i Sogn og Fjordane med flest privatarkiv. Både næringsliv og organisasjonar synes å vere godt dekkja.



Luster kommune

Folketal 2016: 5093

Samfunnsanalyse

Luster vart i 1963 slått saman med Hafslo og Jostedal. Jordbruket har heilt fram til vår tid stått sterkt. Frå slutten av 1800-talet og fram til fyrste verdskrigen hadde dyrking av tobakk eit etter måten stort omfang. I våre dagar er 10% av arbeidsstyrken er sysselsett i jordbruksnæringa, noko som er ein god del over snittet for Sogn og Fjordane (3,5%). Haugerørsla slo djupe røter i Luster, og alt midt på 1850-talet var personar i venekrinsen åt Hauge i gang med fargereri og anna næringsaktivitet. I 1900 starta Halvard Drægni saft- og syltetøyfabrikk, men flytta etter kvart produksjonen til Leikanger. Luster har ein del industriverksemdar, særleg lokalisert i Gaupne. Kommunen er dessutan mellom dei største i landet på kraftproduksjon.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 234 foreiningar frå Luster.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 101 privatarkiv frå Luster. I tillegg er det registrert 51 eksterne privatarkiv. Hovudtyngda ligg på organisasjonsarkiv, som det i alt er 78 av. Det finst òg 31 arkiv frå bedrifter. Aktørtype person/familie og samling er det høvesvis 25 og 10 av.

Konklusjon

I alt er det registrert 152 privatarkiv frå Luster, eit tal som er svært høgt. Berre frå Sogndal har det blitt samla inn fleire privatarkiv.



Lærdal kommune

Folketal 2016: 2172

Samfunnsanalyse

Slått saman med Borgund i 1964. Talet på sysselsette i jordbruket er i Lærdal ein del over snittet for Sogn og Fjordane. Tradisjonelt har det i stor grad vore knytt til mjølkeproduksjon og husdyrhald, men det har etter kvart kome til ein betydeleg produksjon av grønsaker, poteter, frukt og bær. Industrien har aldri dominert næringsbiletet i Lærdal, men bedrifter innan næringsmiddel har sysselsett ein del. I vår tid er bygg og anlegg ei viktig næring. Lærdal er dessutan ein stor kraftkommune.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 142 foreiningar frå Lærdal.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 66 privatarkiv frå Lærdal. Hovudtyngda ligg på organisasjonsarkiv, som det i alt er 33 av. Kring tredjeparten av lagsarkiva stammar frå arbeidarrørsla. Den nest største aktørtypen er person/familie, med 19 arkiv. Det er i tillegg registrert 9 bedriftsarkiv frå Lærdal. Fylkesarkivet har berre fanga opp eitt eksternt arkiv frå kommunen.

Konklusjon

På lista over tal arkiv pr. kommune ligg Lærdal på nedre halvdel. Kommunen utmerkar seg ved at det finst mange arkiv frå einskildpersonar. Bedriftsarkiva er det ikkje mange av, men dei er varierte, og spanner frå rutebilverksemd, til meieri, bank, forsikring og landhandel. Innan kategorien organisasjonar er det religiøse livet mest heilt fråverande.



Naustdal kommune

Folketal 2016: 2840

Samfunnsanalyse

Slått saman med Vevring i 1964. Tradisjonell jordbrukskommune med litt småindustri, særleg innan trevare. I våre dagar er mange sysselsette innan bygg og anlegg

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 210 foreiningar frå Naustdal.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 35 privatarkiv frå Naustdal. Det er ikkje registrert eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på 18 organisasjonar og 10 bedrifter.

Konklusjon

Naustdal er mellom dei kommunane med færrest registrerte privatarkiv i Sogn og Fjordane. Berre Selje og Solund har færre. Arkiva dekker likevel eit breitt spekter av aktivitet innan organisasjons- og næringsliv, men den religiøse delen av lagsarbeidet er dårleg dokumentert.



Selje kommune

Folketal 2016: 2774

Samfunnsanalyse

Jordbruk og fiske, ofte i kombinasjon, har frå gammalt av vore hovudnæringar. Selje har elles lange tradisjonar med entreprenørverksemd og industrireising. Innan fiskeforedling har kommunen hatt to hermetikkfabrikkar. Selje har dessutan husa båtbyggjarar og møbelfabrikantar. Særskilt bør industribyggjaren Wald Dragseth bli trekt fram. Han starta skjortefabrikk, produksjon av plastbåtar og han fekk også bygd Selje Hotell. Selje Skjortefabrikk var ei tid den største industriarbeidsplassen for kvinner i Sogn og Fjordane. Kommunen har i våre dagar eit variert næringsliv, med sysselsetjing innan fiske og industri som er godt over snittet for fylket elles. Det finst bedrifter innan fiskeoppdrett, foredling av fisk og tenesteyting til andre verksemdar. I tillegg er det ein del arbeidsplassar i turisme og reiseliv.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 64 foreiningar frå Selje.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 21 privatarkiv frå Selje. I tillegg er det registrert 9 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på 11 organisasjonar og 9 bedrifter. Frå aktørtypen person/familie er det blitt registrert 6 arkiv.

Konklusjon

Det har blitt verna 30 privatarkiv frå Selje. Berre Solund har teke vare på færre privatarkiv. Den samla samfunnsdokumentasjonen frå Selje er såleis temmeleg svak. Den varierte næringsaktiviteten kommunen har hatt speglar i liten grad igjen i samlingane våre. Heller ikkje organisasjonslivet er godt dokumentert.



Sogndal kommune

Folketal 2016: 7839

Samfunnsanalyse

Attåt det tradisjonelle jordbruket har skogsdrift frå gammalt av vore viktig. Uttaket av skog føregjekk særleg på dei to godsa Kaupanger Hovudgard og Øvre Amla. Sogndal har difor hatt mange sagbruk og trevarefabrikkar. Industrireisinga kom tidleg til Sogndal, samanlikna med dei andre kommunane i fylket. Sogndal Tændstikfabrik starta produksjon av fyrstikker så tidleg som i 1855. Sognefjorden Ullvarefabrikk var i drift i perioden 1887-1972. Sogndal er likevel mest kjent som saft-bygda. Foredling av frukt og bær har hatt Lerum-konsernet som flaggskip. Verksemda er ein av dei største produsentane av saft og syltetøy i Noreg, og ein viktig industriarbeidsplass i Sogndal. Av dei ulike private næringsgruppene er det varehandel som i våre dagar sysselset flest, med 14,5% av den totale arbeidsstokken. Eit veksande gründermiljø held til på Fosshaugane Campus.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 177 foreiningar frå Sogndal.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 126 privatarkiv frå Sogndal. Det finst i tillegg ein heil del eksterne privatarkiv, i alt 77, som er oppbevarte i Sogndal lokalhistoriske arkiv. Det er oppretta arkiv på til saman 112 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 31 bedriftsarkiv, og 41 arkiv frå einskildpersonar. I tillegg har det blitt samla inn nokre få arkiv frå institusjonar og legat..

Konklusjon

Totalt er det registrert 203 privatarkiv frå Sogndal. Kommunen dermed i tet når det gjeld vern av privatarkiv i Sogn og Fjordane.





Solund kommune

Folketal 2016: 785

Samfunnsanalyse

Fiske har alltid vore hovudnæringa i Solund. Etter 1960 har fiskeoppdrett vakse som ei viktig næringsgrein. I kommunen finst det i tillegg ein del arbeidsplassar knytt til bygging og reparasjon av båtar.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 129 foreiningar frå Solund.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 8 privatarkiv frå Solund. Dei fleste privatarkiva frå kommunen er oppbevarte eksternt, i alt 17. Det er oppretta arkiv på 10 organisasjonar og 9 bedrifter. Frå aktørtypen person/familie er det blitt registrert 9 arkiv.

Konklusjon

Totalt er det registrert 25 privatarkiv frå Solund. Kommunen er dermed på botn når det gjeld privatarkivvern i Sogn og Fjordane. Det heng sjølvstamt saman med det låge folketalet, som pr.01.08.2016 er på under 800. Likevel kan korkje næringslivet eller organisasjonsaktiviteten i Solund seiast å vere godt dokumentert.



Stryn kommune

Folketal 2016: 7168

Samfunnsanalyse

Slått saman med Innvik i 1965. Stryn har ein stor og mangslungen industriaktivitet. Det finst ei rekkje verksemdar, spesielt innan nærings- og nyttingsindustrien, trevare, tekstil og møbelproduksjon. Den prosentvise delen av arbeidsstyrken som er sysselsett i industrien ligg på om lag 19%, noko som er godt over snittet for Sogn og Fjordane. Turisme er òg ei særskild viktig næring. Stryn skal dessutan vere den største skogbrukskommunen i Sogn og Fjordane.

Den allsidige næringsaktiviteten bygger på lange tradisjonar. Innvik Ullvarefabrikk starta opp i 1890. Innvik og gamle Stryn kommune har dessutan hyst alt frå hesteskofabrikkar til sementprodusentar og tradisjonelle trevareverksemder.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 582 foreiningar frå Stryn.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 53 privatarkiv frå Stryn. I tillegg er det registrert 23 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 34 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 20 bedriftsarkiv, og 12 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 76 privatarkiv frå Stryn. Både med tanke på den rike næringslivshistoria og den svære organisasjonsaktiviteten, er det eit lite tal. Arkivet frå Innvik Ullvarefabrikk er rett nok verna, men det bør bli teke vare på fleire bedriftsarkiv frå kommunen. I organisasjonsarkiva frå Stryn er det knapt nok spor av kristen aktivitet. I fylgje kartlegginga av lag og organisasjonar som vart gjennomført på 1990-talet, skal det berre innanfor misjonsrørsla ha eksistert 141 foreiningar i Stryn.



Vik kommune

Folketal 2016: 2689

Samfunnsanalyse

Vik vert ofte sett på som ei jordbruksbygd, og er kjend som den einaste staden i landet der det framleis vert produsert gamalost. Men kommunen har fleire industriverksemder. Alt i alt er 16% av arbeidsstyrken knytt til industrien. Størst er Vik Ørsta AS, som leverer produkt for mellom anna trafikktryggleik. Vik har også bedrifter innan trevare og informasjonsteknologi.

Industriutviklinga i Vik tok til med gruvedrift og talkproduksjon i Framfjorden i 1908. I 1920 vart det starta hermetikkfabrikk. Begge desse verksemdene er no nedlagde.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 188 foreiningar frå Vik.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 52 privatarkiv frå Vik. I tillegg er det registrert 35 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 43 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 11 bedriftsarkiv, og 27 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 87 privatarkiv frå Vik. Dette talet er nok litt misvisande. Datagrunnlaget er bygd på spørjingar mot Asta. I Vik finst det eit oppegåande lokalhistorisk arkiv som har teke hand om mange privatarkiv frå bygda. Ikkje alle desse har kome med i fylkesarkivet sitt katalogsystem. Difor er

nok talet på verna privatarkiv i Vik langt høgare enn 87. Såleis er det vanskeleg å vurdere om arkiva speglar næringsaktiviteten og organisasjonslivet i kommunen.



Vågsøy kommune

Folketal 2016: 6046

Samfunnsanalyse

Kommunen oppstod som resultat av ei samanslåing av Nord- og Sør-Vågsøy i 1964. Vågsøy er den fremste fiskerikommunen i Sogn og fjordane. Rikdomane frå havet har heilt opp til våre dagar vore det viktigaste grunnlaget for arbeidsplassar og næringsaktivitet. På det meste fanst det tre hermetikkfabrikkar i Måløy. Det har i tillegg vore produksjon av guano, sildolje og anna foredling av råstoff frå havet. I tillegg har det eksistert mange bedrifter innan eksport av fisk. Fiskeeksportørar er framleis ein viktig del av næringslivet i kommunen. Til dømes har sjømatelskapet Domstein hovudkontor i Måløy. Coast Seafood, som målt i omsetnad er den største bedrifta i Sogn og Fjordane, høyrer også heime i Vågsøy. Attåt fiskerinæringa har det dei siste åra vakse fram fleire teknologiselskap i kommunen.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 441 foreiningar frå Vågsøy.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 82 privatarkiv frå Vågsøy. I tillegg er det registrert 8 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 57 organisasjonar. Det har vidare blitt registrert 17 bedriftsarkiv, og 12 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 82 privatarkiv frå Vågsøy. Av bedriftsarkiva er det frå Firda Canning i ei særstode. I omfang utgjer det over 100 hyllemeter, og er med god margin det største privatarkivet Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane oppbevarer. Det har i tillegg blitt samla inn eit par andre arkiv knytt til maritime aktivitet, men med tanke på den store og allsidige fiskerinæringa i kommunen, bør det nok bli verna fleire arkiv frå denne sektoren.



Årdal kommune

Folketal 2016: 5359

Samfunnsanalyse

Ingen annan kommune i Sogn og Fjordane er like dominert av industrien som Årdal. 44% av alle arbeidstakarane finn levebrødet sitt i industrisektoren. Årdals-samfunnet er tungt prega av hjørnesteinsverksemda Norsk Hydro. Mykje av næringslivet elles er knytt til metallverket, men det finst også andre typar bedrifter, som solcelleprodusenten Norsun. Årdal er dessutan mellom dei største kraftkommunane i landet.

Den dominerande rolla til aluminiumsverket er eit etterkrigsfenomen. Hovudnæringa fram til 1940 var jordbruk. På 1700-talet vart det ei tid drive koparverk i Årdal. I Ofredalen var dessutan skogsdrift og sagbruk frå gammalt av ei viktig næring.

I samband med kartlegginga av lag og organisasjonar i Sogn og Fjordane med arkivopplysingar vart det registrert 150 foreiningar frå Årdal.

Bestandsanalyse

Fylkesarkivet oppbevarer 36 privatarkiv frå Årdal. I tillegg er det registrert 19 eksterne privatarkiv frå kommunen. Det er oppretta arkiv på til saman 37 organisasjonar. Ikkje så overraskande dominerer lag frå arbeidarrørsla, med 22 organisasjonsarkiv. Det har vidare blitt registrert 6 bedriftsarkiv, og 9 arkiv frå einskildpersonar.

Konklusjon

Totalt er det registrert 55 privatarkiv frå Årdal. Det er relativt få, sett i fylkessamanheng. Arkivet frå aluminiumsverket er etter ein avtale med Norsk Hydro teke vare på av Riksarkivet. Sjølv om dokumentasjonen frå hjørnesteinsverksemda er i gode hender, må konklusjonen bli at for få bedriftsarkiv har blitt verna. Det gjeld særleg arkiv frå næringsaktiviteten etter krigen.

Organisasjonsarkiva har ei klar tyngde mot arbeidarrørsla, og reflekterer såleis særpreget innan lagsarbeidet i industribygda.

Samfunnsanalyse og bestandsanalyse
Privatarkiv



Møre og Romsdal

Dan André Fiskum Velle
Gunnar Olav Morsund
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
2016

Prioritering av arkiv etter type arkivskaparar

Arkivloven sitt føremål for privatarkiv er at arkiv med monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi skal tryggast. Eit av måla for bevaringsplanen for privatarkiv i Møre og Romsdal er å få sikra dokumentasjon av rolla som privat næringsliv, organisasjonar og privatpersonar har spelt for å skape det samfunnet vi har i dag.

Med 7.500 føretak med minst ein tilsett i 2016 og over 10.000 i 1950 er det ikkje mogleg å dokumentere alt som er og har vore. For det første har mykje alt gått tapt, eit eksempel er Storsildlaget frå 1927 som var det første fiskarorganiserte omsetjingstiltaket i landet. Laget var forløparen til Norges Sildesalgslag. For det andre er det så store mengder arkiv at alt ikkje kan bevarast.

Ut frå samfunnsanalysen er det tre hovudsektorar innan **næringslivet** der Møre og Romsdal er eller har vore eit tyngdepunkt i landet.

1. Den maritime sektoren som ved eit samspel mellom næringar har skapt den maritime klynga. Sektoren omfattar:
 - a) Fiskeri, fisketilvirking, -omsetjing og -eksport. Klippfisk er her ein viktig pådrivar for utviklinga av den maritime klynga.
 - b) Fartybygging, mekanisk industri og skipsteknologi.
 - c) Reiarlag, shipping og offshore
 - d) Leverandørar til fiskeri og shipping

Som ein integrert del av dette er dei ulike organisasjonane som har vore med på utviklinga: fiskarlag, fagorganisasjonar, reiarorganisasjonar, Maritimt Forum og andre.

2. Møbel- og trevareindustrien som vaks fram frå mellomkrigstida. Møre og Romsdal er i denne samanhengen det viktigaste området i Noreg for utviklinga av denne industrien frå mellomkrigstida til no.
3. TEKO-industri som omfattar både tekstiltilverking, konfeksjon og sko. Industrien vaks fram i Romsdal, men i store delar av fylket var det sentrale bedrifter som var hjørnesteinar i det lokale næringslivet. Til dømes O.A. Devolds fabrikk i Langevåg, Tingvoll Ullvarefabrikk på Tingvoll og svært mange i Romsdal.

Desse tre sektorane markerer seg som særleg viktige frå Møre og Romsdal og bevaring av dokumentasjon frå desse sektorane bør få ein prioritet. Innanfor skipsbygging vil det vere ei sentral målsetjing å få digitalisert teikningar, opplysningar og bilete av fartøy konstruerte og/eller bygde i fylket.

I dei einskilde kommunane er eller har det vore verksemder som kan karakteriserast som hjørnesteinbedrifter eller er typiske for nett den kommunen. Ofte er dette verksemder som er knytt til ein av dei tre sektorane ovanfor. Men det kan og vere andre, dette kjem fram i samfunnsanalysen av kvar kommune. Eit døme på dette er steinindustrien i Eide. Dokumentasjonen frå slike verksemder bør ein ta sikte på å sikre for framtida.

Frå **organisasjonslivet** er Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal naturleg å ta med – det er ei gruppe lag som tar ansvar for å bevare sine egne arkiv. Andre tar også slikt ansvar, og det bør vere eit kriterium for at det blir tatt vare på av IKAMR. Vi vil i ikkje kunne ta kostnadane ved å bevare arkiv for betalingsdyktige aktørar. I vårt fylke vil det vere ein fordel om dei politiske partia tar ansvar for sine arkiv og får dei deponert hos IKAMR.

Det er få idrettslagsarkiv som er bevart på arkivinstitusjonar i Møre og Romsdal. Idrettsrørsla er den største medlemsorganisasjonen i fylket – og er fylkesdekkjande. Enkelte lag har tatt ansvar sjølve, men det bør etablerast eit samarbeid med Møre og Romsdal Idrettskrets for å få ei liknande ordning som Arbeiderbevegelsens arkiv.

Ut frå samfunnsanalysen vil desse organisasjonssektorane vere viktige med tanke på den påverknaden dei har hatt på kulturen i fylket:

- a) Fråhaldsrørsla (DNT, IOGT, Blå Kors).
- b) Frilynde ungdomslag og mållag (kanskje i samarbeid med Ivar Aasen-tunet)
- c) Den kristne lekmannsrørsla – indremisjonen
- d) Musikkorganisasjonane – gjerne etter same ordning som Arbeiderbevegelsens arkiv.
- e) Næringsorganisasjonar som fiskarlag og bondelag.
- f) Samfunnsorganisasjonar som helselag, sanitetsforeiningar, husmorlag.

Det er få registrerte **personarkiv** i fylket, og det vert ikkje tilrådd noko form for prioritering av dette området. Det bør likevel gjerast ei registrering av kva som finst og kvar dei er oppbevart. Føring i Arkivportalen.no bør ikkje vere avhengig av at materialet finst i ein arkivinstitusjon.

Finansiering

Den største utfordringa for arkivbevaring er depotkostnader. To av dei tre regionmusea i fylket har no gode depot, og kan ta seg av ein del arkiv. Det er ein føresetnad for IKAMR at det er eit godt samarbeid og også ein viss arbeidsfordeling mellom ulike institusjonar i og utanfor fylket for å oppnå god dekning. Den største utfordringa for formidling av privatarkiv er ordning og registrering. Dette krev personalressursar.

For IKAMR sitt vedkomande er situasjonen at fylkeskommunen bidrar med 160.000 kroner i året til privatarkivarbeid. I tillegg betalar nokre kommunar kr. 1,- per innbyggjar til privatarkiv. Andre inntekter er depotleige frå enkelte organisasjonar. Dersom ein hadde fått til ei grunnfinansiering på det som fylkeskommunen betalar i dag pluss kr 1,- pr innbyggjar frå alle kommunane, ville ein ha vel 400.000 kroner i året. I tillegg ville depotleige frå betalingsdyktige arkivskaparar kunne gi ein del – rekna til kanskje 100.000 kroner i året. Dette ville gi rom til å deponere, få ordna og katalogisere om lag 1.500 hyllemeter. Dette ville gje ei dekning som kunne gi eit relativt bra bilete av dei prioriterte sektorane, men ikkje tilstrekkeleg. Med tanke på dei mange og til dels svært store bedriftsarkiva, vil ein måtte vurdere ei streng sanering av enkelte arkiv for å oppnå ei god breidde. Forretningsdrivande med interesse for næringshistorie har skipa Næringshistorisk Foreining som per i dag har vel 160.000 kroner til disposisjon – ved å auke oppslutninga om denne foreininga vil ein kunne få meir midlar til prosjekt, men også større plikter i høve til medlemmane. Ein del av ordningsarbeidet vil kunne gjerast på dugnad under rettleiing av personar med arkivkompetanse. Dette er blitt gjort med arkiv etter verft i Kristiansund.

Arkivinstitusjonar i Møre og Romsdal

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS er eigd av alle kommunane og Møre og Romsdal fylkeskommune. Primær oppgåva er å yte arkivfaglege tenester til eigarane, mellom anna ved å bevare personregister og eldre arkiv. Dei fylkeskommunale verksemdene Kulturnett, Fylkesfotoarkivet og SEDAK (Senter for digitalisering av kulturarven) er lagt til IKAMR. Nokre kommunar og fylkeskommunen yter tilskott til privatarkivverksemda til IKAMR. Fylkesfotoarkivet samarbeider med musea, lag og private for å få registrert og digitalisert fotoarven i heile fylket. Per i dag har Fylkesfotoarkivet meir enn 500.000 bilete, av desse er om lag 250.000 digitaliserte.

Nordmøre Museum med hovudkontor i Kristiansund har ein del privatarkiv – knapt 500 hyllemeter, det same har dei lokale museumsavdelingane i dei ti nordmørskommunane som høyrer til regionmuseet. Nordmøre Museum tek sikte på å bli eit senter for klippfiskhistorie, og ønskjer særleg å ta vare på dokumentasjon frå denne sektoren. Tingvoll Museum vil ta vare på dokumentasjon frå den tidlegare hjørnesteinbedrifta Tingvolds Ullvarefabrikk.

Romsdalsmuseet dekkjer dei åtte kommunane i Romsdal. Med nytt museumsbygg har dei fått depot som gir rom for arkivsamlingane der. Arkiva omfattar 350 hyllemeter og er ordna og registrert på Arkivportalen.no. Romsdal hadde ein stor tekstil- og konfeksjonsindustri (TEKO). Museet har eit eige konfeksjonsmuseum i Isfjorden.

Sunnmøre Museum omfattar dei fleste musea på Sunnmøre og har hovudkontor i Ålesund. Dei har 12 avdelingar, mellom dei Møbelmuseet i Sykkylven og Landbruksmuseet for Møre og Romsdal. Sunnmøre museum ønskjer ikkje å engasjere seg i arkivbevaring. IKAMR oppbevarer mykje av arkivet til Ålesunds Museum. Ved Sunnmøre Museum sitt hovudkontor i Borgundgavlen er det 185 hyllemeter arkiv. Museet har også depot for fylkesfotoarkivaren.

Stiftinga Kulturkvartalet med Jugendstilsenteret i Ålesund eig 87 hyllemeter arkiv, hovudsakleg arkitektarkiv som vert deponert av IKAMR.

Ivar Aasen-tunet i Ørsta har bibliotek og arkiv knytt til Ivar Aasen, nynorsk skriftkultur og målreising. Det er oppbevart 67 hyllemeter privatarkiv der.

Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal ved Høgskulen i Volda Arkivet samlar lydopptak av nolevande og tidlegare utøvarar av folkemusikk, skaffar til veges noteoppskrifter, biletmateriale, munnleg og skriftleg tradisjon og faglitteratur om folkemusikken i Møre og Romsdal.

Andre med arkiv

Fleire lokale sogelag har gjort eit godt arbeid for å ta vare på arkivmateriale frå sitt område. Ein del av dette er trykt materiale eller avskrifter av kyrkjebøker og liknande. Men ein vesentleg del er arkiv av ulikt slag som bør registrerast og leggjast ut på Arkivportalen.no. Svært lite står i trygge arkivlokale, og det bør vere ei målsetjing å sikre arkiva. Som døme på slike sogelag kan nemnast Herøy Sogelag med omfattande arkiv, særleg etter Bjarne Rabben – arkivet er ikkje skikkeleg registrert og står heller ikkje trygt. Haram kulturhistoriske lag har fått plassert si relativt store samling som ein del av Haram kommune sitt eldre arkiv hos IKAMR, men er ikkje ordna og katalogisert. Molde Bymuseum har ein del arkivmateriale og operer på sida av Romsdalsmuseet. Smøla historielag har eit omfattande og godt ordna lokalarkiv som ikkje står forskriftsmessig, men relativt trygt lagra. Dei er no i ferd med å registrere samlinga si.

Ein del kommunar har også samlingar bevart hos seg. Til dømes Rauma kommune og Hareid kommune- dei siste har ei verdfull samling etter komponisten og kulturpersonlegdommen Johan H. Grimstad og delvis arkiv etter Johan E. Hareide, politiskar, næringslivsbyggjar og sentral i mange slags verksemdar både lokalt og på landsbasis.

Nokre arkiv er oppbevart privat som A.M. Liaens omfattande skipsverftarkiv i Ålesund som er ordna og registrert av Åsta Vadset ved IKAMR og arkivet etter stortingsrepresentant m.m. Arnt Hagen som vert oppbevart på Torvik i Rauma.



Arkivet etter Arnt Hagen. Foto: Ottar Rydjord

Arkiva etter tidlegare stortingsrepresentant og fylkesmann Olav Oksvik er tatt vare på av Stiftinga Olav Oksvik minnesamling.

Arkivinstitusjonar utanfor Møre og Romsdal med ansvar for arkiv i fylket

Riksarkivet har det overordna ansvaret og styringa med privatarkiv i landet. Det vil vere naturleg at privatarkivarbeidet skjer i eit samspel mellom Riksarkivet, Statsarkivet i Trondheim (SAT) som har det regionale ansvaret og arkivinstitusjonar i fylket. Både Riksarkivet og SAT har privatarkiv frå Møre og Romsdal.

Norsk olje- og gassarkiv har ansvar for å bevare verdfullt kjeldemateriale frå norsk olje- og gassektor. Arkivet er knytt til Statsarkivet i Stavanger, men skal dekkje heile landet. Det må avklarast korleis samarbeidet mellom Oljearkivet og dei lokale arkivinstitusjonane skal gjennomførast.

Norsk Misjonsarkiv har ansvar primært for Det norske Misjonsselskap sine arkiv – både utanlands og innanlands. Det vil vere naturleg at materiale som er skapt av NMS her i fylket vert avlevert dit. Spørsmålet om kva ein gjer med andre misjonsorganisasjonar sine arkiv må avklarast.

Arbeiderbevegelsens Arkiv har ansvar for Det norske Arbeiderparti, LO og AOF sine arkiv. Her i fylket har IKAMR ein avtale med Møre og Romsdal Arbeiderparti, LO i Møre og Romsdal og AOF om å ta imot arkiv frå dei. Arbeiderbevegelsens Arkiv i Oslo har ein del arkiv frå Møre og Romsdal.

Skeivt arkiv har ansvar for arkiv skapt av eller om homofile. Dersom slike arkiv skulle dukke opp, er det naturleg å deponere det hos Skeivt arkiv.

Møre og Romsdal



Folketal 265.000. Det er nummer åtte av 19 fylke i landet. Folkeveksten sidan 1950 har vore lavare enn landsgjennomsnittet og er nummer 12. Dei siste ti åra har folkeveksten vore som nummer 11 av fylka og er også lavare enn landet som heilskap. Dette bildet er ikkje likt over heile fylket. Ein del kommunar har hatt sterk nedgang i folketalet. Medan andre regionar som omfattar sterke næringsssentra (Ålesundsregionen, Hareid/Ulstein og Molderegionen) har opplevd sterkare folkevekst enn landet under eitt. Dette har med næringsutviklinga å gjere, - ein sterk overgang frå primærnæringar til sekundær- og tertiærnæringar har medført nedgang i arbeidsplassar i utkantkommunar som Smøla, Norddal, Nesset og Vanylven. Vekst i sysselsettinga i industri og tenesteytande næringar har ført til sentralisering.

Tenesteytande næringar har hatt den største veksten her i fylket som elles. Samansetjinga skil seg ikkje frå resten av landet, og har ikkje noko spesielt særpreg. Turistnæringa har lange tradisjonar, og er særst viktig for ein skilde område i fylket.

Fylket manglar om og 1.500 kvinner i alderen 20-59 år for å ha same kjønnsfordeling som i landet elles. Her er såleis eit kvinneunderskot, særleg i mindre utkantkommunar. Arbeidsmarknaden er kjønnsdelt, og det er ein mangel på arbeidsplassar som kvinner ønskjer – og då spesielt kvinner med høgare utdanning.


Den maritime klynga på Møre bestod i 2014 av 13 designsekskap, 14 skipsverft, 169 utstyrsleverandørar og 20 rederi med i alt over 20.000 tilsette. Dette er verksemd basert på offshore – olje og gassutvinning til havs. I tillegg kjem ein stor havfiskeflåte – Møre og Romsdal har 30 % (75 stk) av alle fiskefarty over 28 meter i landet – det er like mykje som dei tre Nord-Norske fylka til saman. Over 2.000 har fiske som hovudyrke. Fiskeforedling og eksport er store, -

Ålesund er landets største fiskerihamn og har landets tredje største handelsflåte. Nesten ¼ av fiskeeksporten frå Noreg (i verdi) er produsert i Møre og Romsdal. 95% av klippfiske i landet vert produsert i fylket. Det byrja i Kristiansund i 1690-åra og slo gjennom frå 1737. Nest etter Hordaland er Møre og Romsdal landets største eksportfylke av varer – utanom brenselstoff er Møre og Romsdal størst.

Det er om lag 132.500 yrkesaktive i fylket – 46,5% av desse er kvinner. 4 % tilhøyrer primærnæringane – jord- og skogbruk og fiske. Men desse næringane skapar grunnlag for langt større verksemd innan industri, transport og tenesteyting. 27 % er tilsett i sekundær-næringar – hovudsakleg



industri – dette er den høgste prosentdelen i landet. Resten er i tertiærnærings der helse og sosial er den største enkeltsektor med 21 %. Undervisning utgjør 8 %, Transport og lager 7 % og Handel 13 %.



Det er registrert 7.443 verksemdar i fylket med minst ein tilsett der 45 % har 1-4 tilsette. 22 eller 0,3 % har over 250 tilsette. Bedriftsstrukturen målt etter tal tilsette er om lag som landet som heilskap.

Fylket produserer vel 4% av elektrisk kraft i landet, men står for over 9% av forbruket. Ein av grunnane er at Møre og Romsdal er nummer to etter Nordland i forbruk til kraftkrevjande industri og står for 1/6 av bruken til dette formålet i landet. 95% av kraftproduksjonen i fylket går til kraftkrevjande industri. Dei største energiselskapa er: Tussa (Søre-Sunnmøre), Tafjord (Nordre Sunnmøre), Istad Kraft (størstedelen av Romsdal), Rauma Energi (kommunen), Driva kraftverk og NEAS (Nordmøre energiverk AS) på Nordmøre. Statkraft har fleire vasskraftverk i Romsdal og på Nordmøre samt vindmøllepark på Smøla.

Over ein tredel av møbelproduksjonen i Noreg er i Møre og Romsdal med tradisjonelt ein konsentrasjon i Sykkylven, Stranda og Stordal. Det er produsentar i fleire andre kommunar, som t.d. Rindal. Lokalt eigarskap har prega industrien og har vore ein styrke. Det lokale eigarskapet har vorte svekka, og mykje av produksjonen er flytta utanlands (Baltikum, Kina). Møbelmuseet (Norsk Møbelfagleg Senter) i Sykkylven er eit museum og dokumentasjons-senter for den norske møbelindustrien.

Tekstil- og konfeksjonsindustrien inkludert sko var i si tid stor i fylket og var fleire stader hjørnesteinsbedrifter (Langevåg, Tingvoll, Dalsfjord i Volda, store delar av Romsdal). No er det meste borte med Rauma Ullvare, Aalesund Oljeklede, og litt på Tingvoll som nokre av unntaka.

Tidlegare var det mange bankar og forsikringselskap i fylket. I alle kommunar var det minst ein sparebank, og gjerne forretnings- eller privatbankar og. Finanskrisen i mellomkrigstida gjorde ende på mange forretningsbankar. Fusjoneringar og strukturendringar har gjort at det ikkje er forretningsbankar med hovudkontor i fylket lenger. Det er no åtte sparebankar med hovudkontor her: Nettet Sparebank, Rindal Sparebank, Sparebank 1 Søre Sunnmøre, Sparebank1 Nordvest, Sparebanken Møre, Sunndal Sparebank, Surnadal Sparebank og Ørskog Sparebank. Det er eitt forsikringselskap basert i fylket: Møretrygd. Tidlegare var det mange gjensidige trygdslag.

Detaljhandelen har på same måte som bank og forsikring gått gjennom ei strukturendring der mindre lokale bedrifter har forsvunne til fordel for landsomfattande kjeder. Dei lokale landhandlarane og også små handverksbedrifter (bakarar, skomakarar, skreddarar) er erstatta av kjøpesenter. Det finst ein del arkivmateriale frå små og mellomstore handelsbedrifter med interessante opplysningar, også knytt til dei maritime næringane.

Kommunikasjonar. Landvegs transport tok ikkje skikkeleg av før tidleg på 1950-talet. Før den tid var sjøtransport med rutebåtar dominerande, og Møre og Romsdal er framleis landets største ferjefylke med over 30 % av personbilineingane. Møre og Romsdal Fylkesbåtar (MRF) var einerådande i fylket, men i dag har ikkje fylket eige ferjeselskap. Frå 1930-talet byrja lokale rutebillag å vekse fram, og fram til 1990-talet var det over 50 slike – frå dei som hadde eit køyretøy som Giske varerute til store selskap. Frå 1990 har det vore store strukturrasjonaliseringar slik at dei aller fleste lokale verksemder har gått inn i større einingar.

Bru- og tunnelselskap har stått for store anlegg som har erstatta ferjesamband med veg. Dette har til dels vore selskap med kombinert offentleg og privat eigarskap.



Foto: Gunnar
Refsnes




Bilfergen. Eldste bilferja i landet – frå 1922. Foto: Andreas Vartdal

Næringsstruktur



Figur 3.2: Næringsstruktur – tyngdepunkt i fylket. Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune



Figur 3.3: Næringsstruktur i Møre og Romsdal og i heile landet, 2013 i prosent. Kjelde: Fylkesstatistikk 2014

Organisasjonar

Mykje av organisasjonslivet i fylket representerte motkulturane: Lavkyrkjelege lag som indremisjon og misjonsforeiningar. Kulturelle organisasjonar som mållag, frilynde ungdomslag, fråhaldslag. Alle desse sektorane har blitt svekka, men har etterlate seg mykje arkivmateriale og andre spor. Rørslene har stått og står sterkast på Sunnmøre der t.d. fråhaldsrørsla hadde sterk politisk makt både med egne lister og der kandidatar til Stortinget måtte skrive under på at dei ville stå på fråhaldsrørsla sin alkoholpolitikk for å bli vald. Ingen andre kommunar (i fylket/landet) hadde færre røyster for å oppheve brennevinsforbodet i 1926 som Vartdal (2) og Dalsfjord (5). Dei frilynde ungdomslaga stod for det meste av kulturarbeidet på bygdene som ikkje var spesifikt religiøst og var gjerne opphavet til både musikk-, song og idrettslag.

Song- og musikklivet står sterkt i fylket, og dei mange kora, korpsa, musikarar og musikkgrupper elles femner om mange. Kulturarven som desse representerer vil vere ønskeleg å bevare.


Idrettslaga er i dag den største medlemsorganisasjonen i fylket gjennom Møre og Romsdal Idrettskrets med 500 lag og nær 100.000 medlemsskap. Nokre lag som Aalesunds Fotballklubb har tatt fatt i arkivbevaring og tilgjengeleggjing, og det er skrive mange idrettslagshistorier. Men det er enda ikkje laga ein strategi for bevaring av idrettsarkiva. Leiinga i kretsen er interessert i å kome i gang med dette.

Sosiale organisasjonar som sanitetsforeiningar, helselag, Blå Kors, Redningsforeningar, husmorlag m.v. har hatt og har mykje å seie i lokalsamfunna. Nedgang i tal lag gjer at faren for at dokumentasjon forsvinn aukar sterkt.

Fagrørsla byrja tidleg på Nordmøre, men kom seinare på Sunnmøre. Dette har nok mykje å gjere med skilnaden i eigarstruktur. IKAMR har Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal i samarbeid med Møre og Romsdal Arbeiderparti, LO Møre og Romsdal og AOF Møre og Romsdal. Særleg ved dei større verksemdene vil det vere vesentleg å få med både sjølve verksemda sin aktivitet og dokumentasjon av fagforeiningane.

Arbeiderpartiet si verksemd i fylket blir dokumentert igjennom Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal. Fylket var tidlegare eit svært sterkt Venstrefylke, seinare vart Kristeleg Folkeparti sterke her og fylket er eit også eit sterkt FrP-fylke. Ved siste stortingsval (2013) var Høgre største partiet med 27 % av røystene. Arbeiderpartiet hadde 26 % og FrP 20 %.

Den generelle utviklinga av korleis stemmetala endra seg er svært godt dokumentert, men ein bør prøve å sikre dokumentasjon av det indre livet i partia gjennom tidene



Dei einiskilde kommunane

Etter kommunestrukturen 2016

Generelt om bestandsanalysen

Målet til analysen er å gi ein oversikt over kva arkiv IKAMR har i sin behaldning og å gi ein oversikt over kven som har avlevert kva arkiv. Rapporten er delt inn kommunevis og etter kommunnummer.

Privatarkivbeholdninga til IKAMR dekker 10 reolar med ein kapasitet på 679 hyllemeter (hm). Av desse er om lag 384 hm utnytta til privatarkiv. Nokon av dei resterande 295 hm er nytta til kommunale arkiv, men storparten av dei 295 hm står tomme. Ordningsgraden av privatarkivmaterialet er varierende, nokre arkiv t.d. Ørsta Landhandel, manglar berre etikettar mens andre, t.d. privatarkiva frå Norddal krev eit større innsats for klargjering til innsyn frå publikum. Resultata i denne rapporten er kome fram med bakgrunn i registreringen gjort av Dan André Fiskum Velle og Gunnar Morsund ved første halvdel 2016.

IKAMR er deponi for Arbeiderbevegelsens arkiv i Møre og Romsdal, dette arkivet er ikkje analysert. Det same gjeld arkiv frå Aalesunds Museum (del av Sunnmøre Museum) som er oppbevart hos IKAMR.

Registreringsarbeidet baserar seg på erfaringar gjort frå arbeidet med registreringa av personregister, som er eit pågåande arbeid starta i 2015. Prosessen knytt til registreringa av privatarkiv innebar at vi identifiserte arkivskaparar i magasinet med referansar frå tidlegare registreringar gjort i ASTA. Identifiseringsarbeidet vart ført inn i eit Excel-skjema der kolonnane vart inndelt i arkivskapar, frå år/til år og plassering på hylla, skjemaet vart seinare ført inn i ASTA. Utfordringane knytt til magasinundersøkinga vart framtreddane i to høve, 1) registrering av ytterår og 2) identifisering av arkivskaparar. Begge utfordringane kjem av at privatarkivbeholdninga i stor grad er uordna. Av dei arkiva som vart identifisert og som tidlegare var registrert i ASTA var om lag 25 % knytt opp med

ytterår. Det vil seie at 75% av registreringane gjort i dette prosjektet ikkje har noko ytterår. Som følgje av ordningsgraden aukar det sannsynlegheita for at det vil vere fleire aktørar i arkivmaterialet, desse vil først bli identifisert som følgje av eit/fleir ordningsprosjekt. Då skjemaet vart ført inn i ASTA vart det også knytt opp nye aktørar ved behov. utfordringar som står att i ASTA er ein opprydding i aktørregisteret og i arkivregisteret. Det finst aktørar og arkiv i ASTA som er registrert fleire gongar. Samlingane til Sunnmøre Museum og til arbeidarrørsla er delvis registrert på aktørar, men i hovudsak knytt til «Sunnmøre Museum» og «arbeidarbevegelsen» som aktør. På eit seinare tidspunkt bør ein fokusere på å identifisere arkivskaparar i begge desse samlingane.

Prosjektet gir ikkje høve til å ordne eller risikovurdere behaldninga. I kva stand og i kva grad materialet er ordna eller risikoutsett er ikkje omhandla i prosjektet. Denne rapporten omhandlar berre problemstillinga om identifisering og hylleplassering slik behaldninga no står.



Molde kommune

Kommunennummer 1502. Nest største kommunen i folketal med nær 27.000 innbyggjara, ladestad frå 1614 og by frå 1742. Fylkeshovudstad og er no prega av administrasjon og forvaltning. Tidlegare var der mykje tekstil- og konfeksjonsfabrikkar. Verksemdar som Bolsønes Verft og Brunvoll AS representerer industri knytt til maritim verksemd med tradisjonar heilt frå høvedsvis 1892 og 1912 og er med på å gjere kommunen til eit nasjonalt tyngdepunkt innan den maritime klynga. . Kommunen er fylkets største industrikommune målt i tal tilsette, og selskap som Glamox (lysarmatur) og Oskar Sylte Mineralvannfabrikk viser dette. Det har eksistert fleire mindre mekaniske verkstader, og det gjer det framleis. Byen har Molde Internasjonale Jazzfestival og samarbeider med Nettet om Bjørnsonfestivalen. Kommunen har vorte utvida med innlemming av Bolsøy, delar av Veøy og Nord-Aukra.

Bestandsanalyse.

Molde kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje mykje privatarkiv som er innhenta/avlevert frå Molde kommune til IKAMR. Hjå IKAMR er det registrert to foreningsarkiv (6 hm) om ein ser bort frå dei regionale foreningsarkiva som Molde også inngår (mellom anna stykke knytt til arbeidarrørsla). Ordningsgraden er på arkivmaterialet er uordna. Det vil vere eit føremon å ordne arkiva, registrere på serienivå og etikettere stykka for å tilgjengeleggjere arkiva for allmenta. For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.



Ålesund kommune.

Kommunennummer 1504. Fylkets største kommune med 47.000 innbyggjarar. Byen er yngst og størst av dei tradisjonelle byane i fylket. Ålesund vart ladestad i 1825 med 293 innbyggjarar. Ladestaden vart by i 1848 med 1200 innbyggjarar. Grunnlaget for byen har alltid vore fiskeri og maritim verksemd. Det rike fisket i Borgundfjorden og utor land danna grunnlag for fiskeforedling og –eksport. Seinare kom sild og andre fiskeslag til. Fleire skipsverft, motorfabrikkar, fiskeutstysproducentar, reiarlag, skipstekniske konsulentar m.v. vart etablert i byen og områda rundt. Havfiskeflåten vaks seg stor, og dominerer fullstendig over kystfisket. Ålesund er landets største fiskerihamn, Noregs tredje største containerhamn, Noregs fjerde største eksporthamn og er nummer tre etter registrert flåte av landets byar. Den mest markerte hendinga i byhistoria var bybrannen 1904. Denne og oppbygginga etterpå er dokumentert av både Ålesunds Museum og Jugendstilsenteret. I Ålesund sentrum er det i dag over 300 butikkar og matstader, i tillegg til det store butikkssenteret på Moa 12 km frå sentrum med 250 butikkar. Firma som Carl E. Rønneberg & Sønner, A.M. Liaaen og Brødrene Aarsæther har betydd mykje for utviklinga av byen. Teknologisk industri og ingeniørfirma betyr mykje for kommunen no, men lokalt eigarskap er ikkje lenger einerådande. I 1964 vart Ålesund og Borgund slått saman, men i 1977 vart Sula skilt ut att som eigen kommune.

Ålesund kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Hovuddelen av privatarkiva deponert hjå IKAMR kjem frå aktørar i Ålesund. Førabels er det registrert om lag 47 aktørar på 150 hm. Då store deler av behaldninga er uordna vil ein kunne forvente ein auke i aktørar og ein nedgang i hyllemeter når ein skal ordne behaldninga. Det vil vere eit føremon og ein vil sjå seg tent med å få Ålesund kommune med på ordninga om deponering av privatarkiv. Arkivbestanden består i hovudsak av fagrørsl- og organisasjonsarkiv, men ein finn også arkiv etter nokon få bedrifter. Det er varierende grad av ordning på arkiva, og det kan koma fram fleire arkivskaparar som fylgje av ein ordning.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset



Kristiansund kommune

Kommunennummer 1505. Folketal om lag 25.000. Kristiansund vart by i 1742 etter å ha vore ladestad under Trondheim. Framveksten av byen var basert på klippfisk. Det vaks fram verkstader og verft basert på fiskeria, men både klippfisk og verftsindustri forsvann. I si tid var det tre store skipsverft i byen. Stiftelsen Maritim Historie arbeider for å dokumentere skipsbyggingshistoria. Berginga for byen vart olje og offshore med Vestbase og fleire verksemder basert på tenester til petroleumsutvinninga. Denne sektoren er for tida inne i vanskar, og illustrerer dei opp- og nedgangstidene byen har vore i. Kristiansund er eitt av dei nasjonale tyngdepunkta innan petroleumsnæringa. Fabrikken Ello, tidlegare Goma etablert i 1900, som produserer såpeprodukt og tannkrem, tidlegare også margarin, har hatt

mange tilsette, men blir no flytta ut av landet. Operaen i Kristiansund vart etablert tidleg på 1900-talet, på grunn av «klippfiskadelen». Kristiansund vart i 2008 slått saman med Frei. Ved tidlegare samanslåingar vart delar av Bremsnes kommune fordelt på Frei og Kristiansund. Noregs minste kommune, Grip, vart også lagt til Kristiansund.



Bestandsanalyse.

Kristiansund kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert 3 arkivskaparar i frå Kristiansund. Arkivskaparane er Kvinnernes Arbeidshjelps Brakke (ID P-00067, 0,1 hm), Kristiansund Fastlandsforening (ID P-00123, 1,57 hm) og Krifastkomiteen (ID P-00126, 0,5 hm). Arkivet etter Kvinnernes Arbeidshjelps Brakke er delvis ordna og har ytteråra 1940-1962. Dei andre arkiva er ikkje ordna.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Ein bør kvalitetssikre, ordne og gjere tilgjengeleg arkiva for allmenta.



Vanylven kommune

Nummer 1511. Folketal 2015: 3.258 Heimeside: vanylven.kommune.no

Kommunen vart etablert 1964 ved samanslåing av tidlegare Vanylven, Syvde og delar av Rovde kommunar. Åram vart overført frå Sande til Vanylven i 2002. Vanylven har hatt størst relativ nedgang i folketalet dei siste åra.

Næringsstruktur: Nær 30 % av dei sysselstette i kommunen arbeider i sørvisyrke der privat sektor er dominerande. 22 % arbeider i sekundærnæringar. Bergverksdrift (Sibelco Nordic tidlegare AS Olivin) er stor i kommunen, i tillegg til skipsverft og mekaniske verkstader. Landbruksskule på Eidså, privat frå 1907 til 1939. Tidlegare meieri, kalkverk, konfeksjon og møbel. Kultur- og fritid: Om lag som elles på Sunnmøre.

Bestandsanalyse.

Vanylven kommune er ein av dei 10 kommunane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert nokon arkivskaparar frå Vanylven kommune. IKAMR bør ta opp att kontakten med kommunen for å sjå på om dei kan avlevere meir privatarkiv til IKAMR.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: Då Vanylven har inngått avtale om å deponere privatarkiv hjå IKAMR bør ein ta opp att kommunikasjonen med kommunen om avleveringar av privatarkiv. Ein bør også stimulerer innbygarane i kommunen til å avlevere privatarkiv til IKAMR. Det bør også opna opp for å få fleire arkiv som kan syne arbeids-, foreinings-, og organisasjonslivet i kommunen.



Sande kommune

Nummer: 1514 Folketal 2015: 2.635. Heimeside: sande-mr.kommune.no. Oppretta 1867 ved utskiljing frå Herøy. Består av øyane Sandsøya, Kvamsøya og Voksa samt ein del av Gurskøya der kommunesenteret Larsnes ligg. Brimer Kvamsøy AS, Plany AS, Myklebust Verft og Larsnes Mek. Verksted AS er viktige arbeidsplassar og er med på å gjere kommunen til ei maritim klynge. Larsnes og andre handelsstadar på små øyar i kommunen var viktige handelssentra på 1800-talet. IKAMR har noko av dokumentasjonen frå dette. Kultur: Organisasjonsliv som elles på Sunnmøre. Det komiske sogespelet Kong Arthur-spelet på Sandsøy skil seg ut frå andre historiske spel langs kysten med sin rabulistiske humor og fråver av historiske fakta.

Bestandsanalyse.

Sande kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert nokon privatarkiv hjå IKAMR frå Sande kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga



Herøy kommune

Nummer 1515. Folketal 2015: 8934. Heimeside: heroy.kommune.no. Kommunen vart skipa i 1837. Topografisk er Herøy ein øykommune som no er knytt saman med bruer. Fiskeri og seinare reiarlag er knytt til oljeverksemd og står svært sterkt i kommunen og gjer den til eit nasjonalt tyngdepunkt innan dei maritime næringane. Tidlegare verft og sildoljefabrikkar (Voldnes) der IKAMR har bevart skipsteikningar. Handelssenter på 1800-talet (Herøy Gard). Svært mange små nisjebedrifter basert på havbruk og fiske.. Private arkivsamlingar forvalta av Herøy Sogelag.

Bestandsanalyse

Herøy kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert nokon privatarkiv hjå IKAMR frå Sande kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Foreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Ulstein kommune

Nr. 1516. Folketal 2015 8292. Heimeside: ulstein.kommune.no. Kommunen ligg i hovudsak på Hareidlandet og i tillegg Dimna. Sterk nasjonalt tyngdepunkt i maritim næring (skipsbygging med til dømes Ulsteingruppen, Rolls Royce, Kleven). Til forskjell frå nabokommunane Hareid og Herøy som var og er prega av fiske og fangst er Ulstein ei typisk industrikommune. Dette har gjort at det og er skilnad i mentalitet og økonomisk rasjonalitet blant folket. Ulsteinvik er kommunesenter og eit handelssenter i området.

Bestandsanalyse.

Ulstein kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert ein arkivskapar frå Ulstein kommune, Ulstein Sanitet. Arkivet (ID P-00114) på om lag 0,77 hm og er uordna. Det har førebels ikkje nokon ytterår.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Arkivet etter Ulstein sanitet bør bli ordna, kvalitetssikra og tilgjengeleggjort.



Hareid kommune.

Kommunenr. 1517. Folketal 2015: 5065. Heimeside: hareid.kommune.no

Utskilt frå Ulstein kommune i 1917. Tradisjonelt eit tyngdepunkt for fiske og fangst. Ishavsbygda Brandal hadde mange sel- og kvalfangarar. Ishavsmuseet Aarvak dokumenterer dette, IKAMR har motteke ein del foto og anna dokumentasjon om selfangst. Hareid har ei lokal maritim klynge med mellom anna Jets. Reiarlaget Johan E. Hareide var ei verksemd som skapte fleire andre, m.a. handel og skipsverft. Rolls Royce avdeling i Hjørungavåg er under avvikling. Innovative bedrifter som Jets (skipstolett) og Hareid Group (elektronikk) har stor betydning no. Av innbyggjarane har nær kvar sjette innvandrarakgrunn. Maktkamp ved Hjørungavåg er eit sogespel frå vikingtida. Hareid har hatt eit sterkt kormiljø. Kommunen deponerer både næringslivs- og kulturelle arkiv med stor verdi.

Bestandsanalyse.

Hareid kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. IKAMR har ikkje noko privatarkiv i si behaldning frå Hareid kommune. Då Hareid er ein del av ordninga er det tenleg å opprette kontakt med kommunen om avlevering av arkiv til IKAMR.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør gjenopprette kontakt med kommunen om å avlevere privatarkiv til IKAMR. Det vil også vere tenleg å stimulere innbyggjarane i kommunen til å avlevere privatarkiv. Ein bør opna opp for å få fleir arkiv som kan syne arbeids-, foreinings-, og organisasjonslivet i kommunen. Note- og manuskriptarkiv etter komponisten, dikteren og kulturarbeidaren Johan H. Grimstad bør digitaliserast (er hos kommunen).



Volda kommune

Kommunenr 1519 Folketal 8977. Heimeside volda.kommune.no

Kommune frå 1837, Ørsta skilt ut 1883, Dalsfjord skilt ut 1924, men innlemma igjen 1964. Med landsgymnas, handelsskule og lærarskule var Volda eit senter for utdanning, og er det framleis med høgskulen. Lese- og skrivekunne har sterke tradisjonar i kommunen der m.a. Sivert Aarflots trykkpresse sørga for ein meir tilgjengeleg og rimelegare førekomst av litteratur til ålmugen og bondestanden. Det har vore eit mangfald av småindustri og større verksemder som tidlegare Volda Mek. Verksted AS der IKAMR oppbevarer ein del arbeidsteikningar. Anleggsarbeidarar frå Dalsfjorden spesialiserte seg frå midt på 1800-talet i å bygge fyr, fyrlykter og sjømerke langs norskekysten. Deira verksemd har fått sitt minnesmerke i heimbygda, Dalsfjord fyrmuseum. Bjørkedalen har ein lang tradisjon for båtbyggjarkunst og har sidan folkevandringstia bygd trebåtar.

Bestandsanalyse.

Volda kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert seks arkivskaparar i frå Volda kommune hjå IKAMR. Arivskaparane er Volda fotballag (ID P-00115, 0,05 hm), Lerka losje «Venni Trygd» (ID P-00116, 0,10 hm), Kilsfjord herad og sokn (ID P-00117, 0,1 hm), Volda Samfunnshus A/L (ID P-00118, 0,1 hm), Volda Venstreparti (ID P-00133, 0,4 hm) og Volda Sosialistisk Venstreparti (ID P-00089, 0,67 hm).

Arkiva etter Volda fotballag, Lerka losje «Venni Trygd», Kilsfjord herad og sokn, Volda Samfunnshus A/L og Volda Venstreparti er uordna og er utan ytterår. Volda Sosialistisk Venstreparti har ytteråra 1973-2009 og er delvis ordna.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Arkivet etter dei seks arkivskaparane bør bli ordna, kvalitetssikra og gjort tilgjengeleg for ålmenta.



Scana Volda as –

Tidlegare Volda mek. Verkstad med over 100 årshistorie. Foto: Møre-Nytt



Ørsta kommune

Kommunenr. 1520. Folketal 10 589. Heimeside orsta.kommune.no. Etablert 1883 ved deling av Volda. Tidlegare Hjørundfjord (1837) og Vartdal (skilt ut frå Ulstein 1895) kommunar innlemma i Ørsta i 1964. Stor landbrukskommune med tidlegare meieri. Maritim klynge på Vartdal med selfangst og fiskeri, - fiskerimuseum og stiftinga M/S Hindholmen. Grepa og Mjelva fabrikkar produserte komfyrar, omnar og andre produkt i tida 1929-2008. Produksjon av møblar. Møre Folkehøgskule. Nynorsk kultursenter i Hovdebygda med arkiv knytt til nynorsk språk. Kristlege rørsler og avhaldsrørsler har tidlegare vore fråtreande i kommunen saman med målsak og frilynd ungdomsrørse.

Hovudkontor for Tussa Kraft – energiproduksjon med 21 kraftstasjonar over heile søre Sunnmøre.

Bestandsanalyse.

Ørsta kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert 2 arkivskaparar i IKAMR frå Ørsta. Arkivskaparane er Ørsta Landhandel (ID P-00037, 1,94 hm), Ørsta Cementvare (ID P-00130, 5,12 hm). Arkivet etter Ørsta Landhandel er delvis ordna og har ytteråra 1901-1965. Ørsta Cementvare er ikkje ordna.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Arkivet etter dei to arkivskaparane bør bli ordna, kvalitetssikra og gjort tilgjengeleg.



Ørskog kommune

Kommunenr 1523. Folketal 2.294. Heimeside orskog.kommune.no. Tidlegare militært senter for Sunnmøre. Amtsskule fram til 1951. Sykkylven var ein del av Ørskog fram til 1883. Samanslått med Skodje og Stordal i 1964, oppløyst 1977. Mindre tyngdepunkt for havbruk, maritim klynge.

Bestandsanalyse.

Ørskog kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Ørskog kommune hjå IKAMR.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Norddal kommune

Kommunenr 1524. Folketal 1.676. Heimeside norddal.kommune.no.

Landbruk er den viktigaste næringa i kommunen. Energiproduksjon (Tafjord) kraft etablert 1917, - hovudkontor i Ålesund). Turisme.

Har hatt og har delvis no også vanskelege interne og eksterne kommunikasjonar. Fem ulike bygdelag. Rikt organisasjonsliv.

Bestandsanalyse.

Norddal kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Bestanden av privatarkiv som er deponert hjå IKAMR er ikkje ordna og identifisering av aktørar er vanskeleg.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: Kommunen har deponert uordna privatarkiv. Dette fører til at ein ikkje har ein oversikt over kven aktørane er eller kor mange dei er. Bestanden bør bli ordna slik at ein kan få ein oversikt over aktørane og i neste rekkje føre ein målretta dokumentfangst med bakgrunn i denne ordninga. Ein bør opna opp for å få fleir arkiv som kan syne arbeids-, forenings-, og organisasjonslivet i kommunen.



Stranda kommune

Nummer: 1525 Folketal 2015: 4.605. Heimeside: stranda.kommune.no

Tidlegare Sunnlyven og Stranda kommunar samanslått 1965.

Næringsstruktur: 45 % av arbeidsplassane i kommunen er i sekundærnæringer.

Næringsmiddelindustri og møbelproduksjon samt tidlegare konfeksjonsindustri er dei største. Turisme, særleg i Geiranger. Privat handelsskule (Misjonssambandet). Stranda er eit nasjonalt tyngdepunkt i landbruksbasert produksjon (Stabburet, Ole Ringdal AS) og er eit fylkestyngdepunkt i havbruksbasert næring og møbel/trevare.

Kultur- og fritid: Struktur som elles på Sunnmøre. Spesielt: Storfjordens Venner – bevaring av fråflytte gardar langs fjorden.

Bestandsanalyse.

Stranda kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Bestanden av privatarkiv som er deponert hjå IKAMR er lite. Totalt er det registrert fire privatarkiv innanfor perioden 1950-1989. Disse fire arkiva er skapt som fylgje av fagrørslar.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: Bestanden syner ein einsretting mot fagrørslar i Stranda kommune. Kommunen er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv og bør bli oppmoda om å deponere meir slik at arkiva kan spegle variasjonen i kommunen. Behaldninga hjå IKAMR bør bli ordna, kvalitetssikra og gjort tilgjengeleg for allmenta.



Stordal kommune

Kommunennummer 1526. Folketal 1.026. Heimeside stordal.kommune.no. Kommunen vart oppretta i 1977 etter deling av Ørskog kommune. Det er den minste kommunen i fylket etter folketal. Kommunen er eit tyngdepunkt i fylket innan møbel. Tidlegare var det fleire møbelfabrikkar, som følgje av utviklinga i landet er det no færre fabrikkar enn tidlegare i kommunen. Dyrkornanlegga vart etablert i 1913 med produksjon av garn, tauverk og snurpenøter basert på energien frå elva.

Bestandsanalyse.

Stordal kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er bevart eit privararkiv frå Stordal kommune. Arkivskaparen er Stordal Pensjonistlag. Museumslag (ID P-00119, 0,1 hm). Arkivet er uordna.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Arkivet etter Stordal Pensjonistlag bør bli ordna, kvalitetssikra og gjort tilgjengeleg for ålmenta.



Sykkylven kommune

Kommunennummer 1528, om lag 7.700 innbyggjarar. sykkylven.kommune.no Ein fjordkommune som tidlegare var avhengig av jordbruk og deltaking i fiske på øyane ved havet. Møbelverksemd vart etablert i det små – «kjellarverkstader», men vaks seg store. I dag er Sykkylven møbelbygda over alle andre – nasjonalt tyngdepunkt. Norsk Møbelhistorisk senter i Sykkylven dokumenterer ein del av dette. Ekornes er den største, men det er og har vore mange fleire. Møre Trafo produserer transformatorar til energifordeling.



Stressless frå Ekornes

Bestandsanalyse.

Sykkylven kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje bevart nokon privatarkiv frå Sykkylven kommune hjå IKAMR.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Skodje kommune

Kommunennummer 1529.

Innbyggjartal om lag 4.500. Heimeside skodje.kommune.no. Skodje er i første rekkje ei drabantkommune til Ålesund på grunn av kort avstand og tilgang på tomter. Tidlegare i hovudsak jord- og skogbrukskommune. Verksemdar flyttar ut frå Ålesund og etablerer seg i Skodje, og der er fleire næringsområde under utvikling.

Bestandsanalyse.

Skodje kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert 3 arkivskaparar frå Skodje kommune. Arivskaparane er Stettebygda ungdomslag (ID P-00101, 0,1 hm), Engesetdal og Fylling ungdomslag (ID P-00078, 0,97 hm) og Foreningen for Fyllingen Krins Vel (ID P-00054, 0,2 hm). Arkivet etter Foreningen for Fylling Krins Vel er delvis ordna men har førebels ingen ytterår. Dei andre arkiva er ikkje ordna.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Føreslåtte tiltak: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Arkiva etter dei registrerte arkivskaparane bør bli ordna, kvalitetssikra og gjort tilgjengeleg for allmenta.



Sula kommune

Kommunennummer 1531. Innbyggjartal om lag 9.000. Heimeside: sula.kommune.no. Etter samanslåinga av Ålesund og Borgund var det stor misnøye på øya Sula, og ved utgang frå Ålesund vart kommunen etablert i 1977. Første industriverksemda var O.A.. Devolds sønner som vart etablert i 1853 og kom til Langevåg i 1868. Trikotasjefabrikk som eksisterte til 1988. Varemerket Devold eksisterer, og firmaet er svært opptatt av å ta vare på bedriftshistorien. Skipsverft, teknologi, møbel, tekstil og fiskeforedling er næringar som er godt representert i kommunen. Elles fungerer kommunen i stor grad som «sovekommune» for Ålesund.

Bestandsanalyse.

Sula kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje bevart nokon privatarkiv frå Sula kommune hjå IKAMR.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Giske kommune

Kommunennummer 1532. Om lag 8.100 innbyggjarar. Heimeside giske.kommune.no. Den tettast befolka landkommunen i fylket. I stor grad ei «sovekommune» for Ålesund. Viktigast enkeltarbeidsplass utanom kommunen sjølv er Vigra flyplass, etablert 1958. Øykommunen er knytt saman internt og med Ålesund med tunnelar og bruer. Fiskeflåten er stor, og nesten 1/3 av arbeidsstyrken arbeider på havet og i tilknytta næringar som leverer utstyr til skip eller foredlar fiskeprodukt. Fiskeoppdrett. Tidlegare Haahjem mekaniske starta som motorprodusent, men utvikla seg til produsent av m.a. knuseverk inntil det gjekk konkurs. Optimar er i dag ein viktig produsent av rustfritt utstyr til fiske- og næringsmiddel-industrien. På øyane har det vore fleire mindre møbel- og mekaniske verkstader. Det som blir rekna som landets minste møbelfabrikk produserer framleis stort sett den same modellen som i 1947. Kommunen har sterk folketalsvekst. I 1964 vart Vigra kommune og Giske kommune slått saman til Giske kommune.

Bestandsanalyse.

Giske kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ein arkivskapar frå Giske kommune bevart hjå IKAMR. Arkivskaparen er Rekord og Vigra Rutelag (P-00070, 8,73 hm). Arkivet er ikkje ordna.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: Då Giske har inngått avtale om å deponere privatarkiv hjå IKAMR bør ein gjenoppta kommunikasjonen med kommunen om avleveringar av privatarkiv. Ein bør også stimulerer innbyggerane i kommunen til å avlevere privatarkiv til IKAMR. Ein bør opna opp for å få fleir arkiv som kan syne arbeids-, foreinings-, og organisasjonslivet i kommunen. Arkivet etter Rekord og Vigra Rutelag bør ordnast, kvalitetssikrast og tilgjengeleggjerast for allmenta.



M/Tr Molnes – Reiar Nordic Wildfish tidlegare Roaldnes. Foto: Nordic Wildfish



Haram kommune

Kommunennummer 1534. Om lag 9.200 innbyggjar. Heimeside haram.kommune.no. Kommunen består av fem bebudde øyar og eit fastland der kommuneadministrasjonen ligg i Brattvåg. Tradisjonelt og framleis stor fiskerikommune som har gjort at det har blitt etablert mykje industri knytt til maritime næringar – eit nasjonalt tyngdepunkt. Det som var typisk for verksemder på Sunnmøre var at dei vart etablerte og bygde opp av lokale folk. Slik også her, men no er mange verksemder tatt over av internasjonale selskap som Rolls Royce og Vard. Skipsverft, elektro, vinsjar, motorar, bysser (skipeskjokken), fiskeutstyr med mykje meir har stor betydning. Halvparten av dei sysselsette i kommunen er tilsette i industri. Tidlegare var der orgelfabrikk, trappefabrikk og andre særprega verksemder som vitnar om innovative miljø. Det skal finnast ein god del arkiv samla av avdøde Palmar Fjertoft.

Bestandsanalyse.

Haram kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er bevart ein arkivskapar hjå IKAMR frå Haram kommune. Arkivskaparen er Fellesforbundet Haram, Sandøy fagforening (PA-00166, 0,5 hm). Arkivet utgjør ein del arbeidarrørslas arkiv hjå IKAMR. Då det ikkje er ordna og skild ut konkrete seriar kan det vere at ein finn meir i det overordna arbeidarrørslarkivet hjå IKAMR. Arkiv frå Haram kulturhistoriske lag er ein del av Haram kommune sitt eldre arkiv hos IKAMR.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: Arkivet bør ordnast, kvalitetssikrast og tilgjengeleggjerast for allmenta. IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Vestnes kommune

Kommunennummer 1535. Folketal 6.600. Heimeside vestnes.kommune.no.

Båtbygging har vore og er viktig i kommunen. Verft som Vard Langsten, Solstrand Verft AS, Aas Mek. Verksted AS og tidlegare Tresfjord Boats byggjer på ein lang tradisjon der Lars Hammeraas (1820-1904) var ein pioner. Jordbruk er ein viktig næringsveg.



Solstrand Verft AS i Tomrefjord med røter tilbake til 1955. Foto: Solstrand Veft AS

Bestandsanalyse.

Vestnes kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert ein arkivskapar frå Vestnes kommune hjå IKAMR. Arkivskaparen er Fellesforbundet avd. 052 Vestnes (ID PA-00167, 1,30 hm) og utgjer ein del av arbeidarrørslas arkiv hjå IKAMR. Arkivet er ikkje ordna.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: Arkivet bør ordnast, kvalitetssikrast og tilgjengeleggjerast for allmenta. IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Rauma kommune

Kommunennummer 1539. Folketal 7.500. Heimeside rauma.kommune.no.

Samanslåing av fleire kommunar frå og med Romsdalen til Åndalsnes og utover fjorden. Største skogbrukskommunen i fylket. Tidlegare svært mykje tekoindustri. Romsdalsfjella har hatt mykje å seie for framveksten av turismen. Moderne konfeksjonsindustri hadde sitt opphav i Isfjorden, med bakgrunn i ein utstrekt Nordlandshandel frå bygda. Konfeksjonsindustrien breidde seg, men døydde ut. Konfeksjonsmuseet i Isfjorden dokumenterer denne industrien si historie. Rauma Ullvarefabrikk frå 1927 produserer ullprodukt. Det er stor energiproduksjon i kommunen med tre kraftverk, og ei utbygging av Grytten førte til Mardølaaksjonen i 1970. Fjellturisme som har vore populært i kommunen sidan 1800-tallet både blant nordmenn og utlendingar.



Åndalsnes. Foto: Kjetil Groven

Bestandsanalyse.

Rauma kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert eitt privatarkiv frå Rauma kommune hjå IKAMR:

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: Då Rauma har inngått avtale om å deponere privatarkiv hjå IKAMR bør ein gjenoppta kommunikasjonen med kommunen om avleveringar av privatarkiv. Ein bør også stimulerer innbyggerane i kommunen til å avlevere privatarkiv til IKAMR. Ein bør opna opp for å få fleire arkiv som kan syne arbeids-, foreinings-, og organisasjonslivet i kommunen.



Wenaas AS med utspring i Måndalen i 1931 er leiande innan produksjon av arbeidsklede. Etter å ha hatt lokalt eigarskap heilt eller delvis fram til 2006, er det no utanlandske eigarar.



Nesset kommune

Kommunenummer 1543. 3.000 innbyggjarar. Heimeside nesset.kommune.no.

Vassdraga i Nesset er utnytta til kraftproduksjon. Landbruk er den viktigaste næringsvegen i kommunen. Kommunen satsar sterkt på turisme, mellom anna med basis i Eresfjord nasjonalpark. Eikesdalen med Mardølafossen vart særleg kjent i 1970 i aksjonen for å hindre kraftutbygging.

Bestandsanalyse.

Nesset kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert ein arkivskapar frå Nesset kommune. Arkivskaparen er Nesset og Omegn arbeidarlag (PA-00161, 0,1 hm), arkivet er ikkje ordna og har ytteråra 1977-2008.


For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Arkivet etter Nesset og Omegn arbeidarlag bør kvalitetssikrast, ordnast og gjort tilgjengeleg for allmenta.



Midsund kommune

Kommunennummer 1545 Vel 2.000 innbyggjarar på to øyar. Heimeside midsund.kommune.no. Grensekommune mellom Sunnmøre og Romsdal. Næringslivet er basert på maritim verksemd: Havfiskeflåte, oppdrett og servicetenester til desse, mellom anna mekaniske verkstader.



Snurparen Sævar.

Tilhøyrande reiarlaget Sjøvik 1966-1969. Foto:

Bestandsanalyse.

Midsund kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Midsund kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.



Sandøy kommune.

Kommunennummer 1546. Knappt 1.300 innbyggjarar. Heimeside sandoy.kommune.no. Fiskeri og kvalfangst har vore viktige næringar her med mellom anna Brødrene Sæbjørnsens kvalstasjon på Steinshamn og sildoljefabrikk. Fiskeværet Ona hadde i si tid 370 innbyggjarar og mange fleire fiskarar i sesongen, i dag er det om lag 20 fastbuande. Tilliks med resten av kysten sørover mot Stad, var losyrket ei viktig næring frå mellomalderen og fram til ut på 1900-talet. På Finnøya etablerte Nils N. Finnøy motorfabrikk i 1903 som vart arnestaden for mekanisk industri både på Sunnmøre og i Romsdal. I. P. Huse er verdsleiande i produksjon av vinsjar. Trass i å vere ein utkant har kommunen eit rikt og innovativt næringsliv og er eit nasjonalt tyngdepunkt i den maritime klynga.



I.P. Huse på Steinshamn i

Sandøy. Foto:

Bestandsanalyse.

Sandøy kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert fire arkivskaparar frå Sandøy kommune


For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset. Selskapet Brødrene Sæbjørnsen sitt arkiv er kjøpt av Hvalfangstmuseet i Sandefjord.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Aukra kommune

Kommunennummer 1547. Heimeside aukra.kommune.no. 3.500 innbyggjarar i det som er fylkets rikaste kommune på grunn av gassterminalen på Nyhamna og som gjer at kommunen er eit nasjonalt tyngdepunkt innan petroleum. Industrien i Aukra er knytt til havet – skipsverft, offshoreindustri, fiskeoppdrett og fiskeforedling.



Oppdrettsanlegg i Aukra. Foto: Karin Beate Bøsterud

Bestandsanalyse.

Aukra kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Aukra kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Fræna kommune.

Kommunennummer 1548. Innbyggjartal 9.700. Heimeside frana.kommune.no. Største landbrukskommunen i fylket, store nydyrkingar etter 1. verdskrigen knytt til Ny Jord. Hjørnesteinsbedrifter: Omya Hustadmarmor og Hustadkalk, Moxy Trucks. Nasjonalt tyngdepunkt innan bergverk. Det fråflytta fiskeveret Bjørnsund er ei øygruppe utanfor fastlandet.

Kommunen grensar til det frykta havstykket Hustadvika som har prega livet på kysten her.

Bestandsanalyse.

Fræna kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Fræna kommune i IKAMR si arkivbeholdning.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: Då Fræna har inngått avtale om å deponere privatarkiv hjå IKAMR bør ein gjenoppta kommunikasjonen med kommunen om avleveringar av privatarkiv. Ein bør også stimulerer innbygarane i kommunen til å avlevere privatarkiv til IKAMR. Ein bør opna opp for å få fleir arkiv som kan syne arbeids-, foreinings-, og organisasjonslivet i kommunen.



Omya Hustadmarmor AS i Elnesvågen. Foto: Hustadmarmor



Eide kommune

Kommunennummer 1551. 3.500 innbyggjarar. Heimeside eide.kommune.no.

Steinindustri er den næringa som kommunen er mest kjent for og er eit av dei største miljøa for steinhogging i landet. Om lag 40 % av alle gravminne i landet vert levert herifrå, og det vert og levert kalk til Hustadmarmor i Fræna. Der er mange mindre verkstader, og jordbruket er viktig.



Atlantehavsvegen mellom Eide og Averøy kommunar. Foto: T. Gilje

Bestandsanalyse.

Eide kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Eide kommune.

Frå synfaringa i Eide kommune 10.05.16 informera Johnny Lyngstad om at kommunen hadde ei privatarkivbeholdning på om lag 15 hm. Kommunen skulle vere interessert i å bli med i privatarkivordninga til IKAMR. Privatarkiva omfatta ymse kor, fiskevær, bedehus og organisasjonar knytt til kommunen.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Det bør også takast stilling til kva som skal skje med privatarkiva på kommunehuset i Eide.



Averøy kommune

Kommunennummer 1554. Folkedal 5.800. Heimeside averoy.kommune.no. Fiskeforfabrikken Skretting er ein av verdas største på sitt felt. Landbruk, fiskeri, maritim industri og noko prosessindustri er viktige i kommunen.



Bestandsanalyse.

Averøy kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Averøy kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.

Skretting Averøy – verdas største fiskeforfabrikk eigd av det multinasjonale selskapet Nutreco basert i Nederland. Foto: Solveig Landsvik



Gjemnes kommune

Kommunennummer 1557. 2.600 innbyggjarar. Heimeside gjemnes.kommune.no Landbruk er heilt dominerande. Malingsprodusenten Gjøco held til her. Nær halvparten av arbeidstakarane pendlar til andre kommunar.

Bestandsanalyse.

Gjemnes kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Gjemnes kommune.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Tingvoll kommune

Kommunennummer 1560. Folketal 3100. Heimeside tingvoll.kommune.no. Mange pendlar ut av kommunen, landbruk har mykje å seie. Markiseprodusenten Norsol er største private arbeidsgjevar med 30 tilsette. Tingvolds Uldvarefabrikk etablert i 1898 hadde opp til 230 tilsette, men vart nedlagt i 1967, der er litt produksjon i regi av ny eigar Sellgren. Tingvoll Museum har tatt vare på viktige delar av arkivet til fabrikk. Tingvollst er kåra til verdsmeister i ost 2016 med typen Kraftkar.



Foto: Tingvollst

Bestandsanalyse.

Tingvoll kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Tingvoll kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Sunndal kommune

Kommunennummer 1563. 7200 innbyggjarar. Heimeside sunndal.kommune.no. Hydro Sunndal, tidlegare Årdal og Sunndal Verk, er største arbeidsgjevaren med 700 tilsette. Aluminiumsproduksjonen vart starta i 1954 og er Europas største produsent av primæraluminium og gjer at kommunen er eit

nasjonalt tyngdepunkt innan prosessindustri. . Nær 50% av arbeidstakarane er tilsett i industri, kraftproduksjon og bygg/anlegg. Kommunen er den største i areal i fylket.



Hydro Sunndal. Foto: Norsk Hydro ASA

Bestandsanalyse.

Sunndal kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert ein arkivskapar frå Sunndal kommune. Arkivskaparen er Sunndal Arbeiderparti/Sunndal Arbeiderungdomslag (PA-00169, 3,51 hm), arkivet er ikkje ordna og har heller ikkje ytterår.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: Då Sunndal har inngått avtale om å deponere privatarkiv hjå IKAMR bør ein gjenoppta kommunikasjonen med kommunen om avleveringar av privatarkiv. Ein bør også stimulerer innbyggerane i kommunen til å avlevere privatarkiv til IKAMR. Ein bør opna opp for å få fleir arkiv som kan syne arbeids-, foreinings-, og organisasjonslivet i kommunen.



Surnadal kommune

Kommunennummer 1566. Folketal 6.000. Heimeside surnadal.kommune.no. Jordbruk og skogbruk er viktigast i kommunen, men der er og treforedling, Nisjeproduksjon som til dømes landets einaste musefellefabrikk Norbørst og mikroflyproduksjon. Hovudkontoret for den Olav Thon-eigde kjøpesenterkjedeAmfi er i Surnadal.

Bestandsanalyse.

Surnadal kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er registrert ein arkivskapar frå Surnadal kommune. Arkivskaparen er ACTIS/Fråhaldsrørsla (P-00100, 2,54 hm), arkivet er ikkje ordna og har heller ikkje ytterår.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga. Arkivet etter ACTIS/Fråhaldsrørsla bør ordnast, kvalitetssikrast og gjort tilgjengeleg for allmenta.



Rindal kommune

Kommunennummer 1567. Innbyggjartal 2.000 – 700 færre enn då kommunen vart oppretta i 1857 . Heimeside rindal.kommune.no. Einaste kommunen i fylket som ikkje grensar til saltvatn. Sekundærnæringar sysselset 26% medan primærnæringane sysselset 21%. Jord- og skogbruk er viktig. Utover 1990-talet utvikla møbel- og treindustri seg til å bli den viktigaste næringa i kommunen.

Bestandsanalyse.

Rindal kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Rindal kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Halså kommune

Kommunennummer 1571. Folketal 1.500. Heimeside halsa.kommune.no. Vaagland båtbyggeri er største arbeidsplass i kommunen med 40-50 tilsette. Landbruk viktigaste næring.

Bestandsanalyse.

Halså kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Halså kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Smøla kommune

Kommunennummer 1573. Folketal 2.100. Heimeside smola.kommune.no. Tidlegare tre kommunar. Fiskeri var hovudnæringa før, med mellom anna fiskeveret Veiholmen, som tidlegare var det største fiskeveret sør for Lofoten. Folketalet er nærast halvert dei siste 50 åra. Fiskeri, fiskeoppdrett, fiskeforedling og tilknytte verksemdar utgjer ca. 40% av den samla sysselsettinga, mellom anna med produksjon av store oppdrettsbåtar. Smøla historielag har eit relativt omfattande arkiv som er godt ordna og relativt bra oppbevart.

Bestandsanalyse.

Smøla kommune er ein av dei 10 aktørane som er tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Smøla kommune, men det er bevart relativt mykje lokalt.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: Då Smøla har inngått avtale om å deponere privatarkiv hjå IKAMR bør ein gjenoppta kommunikasjonen med kommunen om avleveringar av privatarkiv. Ein bør også stimulerer innbyggjarane i kommunen til å avlevere privatarkiv. Ein bør opna opp for å få fleir arkiv som kan syne arbeids-, foreinings-, og organisasjonslivet i kommunen. Samarbeid med det lokale historielaget må vere sentralt.



Aure kommune

Kommunennummer 1576. Folketal 3.500. Heimeside aure.kommune.no. Tustna og Aure vart slått saman i 2006. Tjeldbergodden industrianlegg med mellom anna Statoil sine anlegg er største arbeidsplassen. Skipsverft (Mjøsundet Båt og Hydraulikk AS og Sletta Verft AS) og eit variert næringsliv elles er kjenneteikn for kommunen.

Bestandsanalyse.

Aure kommune er ikkje tilslutta ordninga om deponering av privatarkiv hjå IKAMR. Det er ikkje registrert noko privatarkiv frå Aure kommune.

For bevaringa i dei regionale musea syner ein vidare til arkivlistene i appendikset.

Konklusjon: IKAMR bør taka stilling til om kommunen bør bli med i privatarkivordninga.



Tjeldbergodden industrianlegg i Aure. Foto: Wikipedia